

Årsbudsjett 2019

Økonomiplan 2019-2022



Politisk utgåve
Vedteke av kommunestyret 11. desember 2018

Vinstra, 5.11.18

BUDSJETT 2019 – ØKONOMIPLAN 2019-2022

1. INNLEIING	5
2. ØKONOMISKE NØKKELTAL.....	7
2.0 <i>Innleiing.....</i>	7
2.1 <i>Lønns- og prisføresetnader for driftsbudsjettet</i>	7
2.2 <i>Frie inntekter - skatteinntekt og rammetilskott.....</i>	8
2.3 <i>Eigedomsskatt.....</i>	9
2.4 <i>Inntekter frå kraftsektoren</i>	10
2.5 <i>Driftsrammer</i>	10
2.6 <i>Økonomiske nøkkeltal.....</i>	10
2.7 <i>Investeringsbudsjetten</i>	12
2.8 <i>Driftsbudsjetten fordelt på artsgrupper.....</i>	13
3. KOMMENTARAR TIL INVESTERINGSBUDSJETTET	15
3.0 <i>Innleiing.....</i>	15
3.1 <i>IKT-investeringar</i>	19
3.2 <i>Investeringar - Teknisk drift (TD).....</i>	20
3.3 <i>Kulturygg.....</i>	30
3.4 <i>Andre investeringsutgifter</i>	30
4. KOMMENTARAR TIL DRIFTSBUDSJETTET	31
4.0 <i>Innleiing.....</i>	31
4.1 <i>Politisk verksemد.....</i>	37
4.2 <i>Rådmannsleiting</i>	40
4.3 <i>Stab.....</i>	43
4.4 <i>Teknisk drift (TD)</i>	45
4.5 <i>Areal og næring (AN).....</i>	49
4.6 <i>Skolar</i>	51
4.7 <i>Barnehagar.....</i>	54
4.8 <i>Kultur</i>	55
4.9 <i>Forebyggende helsetenester</i>	58
4.10 <i>NAV Midt-Gudbrandsdal</i>	61
4.11 <i>Avdeling for heimetenester.....</i>	62
4.12 <i>Avdeling for institusjonsomsorg.....</i>	63
4.13 <i>Tenester for funksjonshemma (TFF)</i>	65
5. UTDRAG FRÅ KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL (VEDTEKE I KS-SAK 45/17).....	67
6. KOSTRA – TAL	77
7. ØKONOMISKE OVERSIKTER	83
7.1 <i>Budsjettkjema 1A: Driftsbudsjetten</i>	84
7.2 <i>Budsjettkjema 1B: Driftsbudsjetten</i>	86
7.3 <i>Budsjettkjema 2A og 2B: Investeringsbudsjetten</i>	88
7.5 <i>Økonomisk oversikt investering</i>	90
8. DIVERSE ØKONOMISKE RAPPORTAR - VEDLEGG.....	91
8.1 <i>Lånegeldsutvikling 2017 – 2022.....</i>	92
8.2 <i>Fondsutvikling 2017 – 2022.....</i>	93
8.3 <i>Investeringar brutto pr. prosjekt 2019 – 2022.....</i>	94
9. KOMMUNESTYRE SITT VEDTAK BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022 (KS-SAK 118/18, 11.12.2018).	97

1. INNLEIING

Kommunestyret (KS) vedtok i møte 11.12.2018, sak 118/18, budsjett for 2019 og økonomiplan 2019 - 2022. Behandlinga i KS tok utgangspunkt i forslag frå administrasjonssjefen av 5.11.18 og innstilling frå formannskapet gjennom forslag av 21.11.18.

Netto driftsresultat i økonomiplanen gir slike tal: **2019:** 0,6 %, **2020:** -1,0 %, **2021:** 0,1 % og **2022:** x0,0 %.

Budsjett / øko.plan legg til grunn at det skal skje ei relativ stor omstilling i Nord-Fron kommune kommande 4 års periode. Omstillinga skal resultere i nedtak av stillingar fleire stader i organisasjonen. Kr. nedtak omrekna til årsverk kan bety inntil 20 færre årsverk i slutten av planperioden. På nokre tenesteområde er reduksjonen konkretisert / talfesta, medan det for andre områder; les m.a. adm. og leiing, er det sett tal for kor stor reduksjonen skal vere. Kommunestyret har vedtatt å fløtte ungdomstrinnet ved Skåbu oppvekst til Vinstra ungdomsskole frå skoleåret 2019/20.

Det er starta eit organisatorisk arbeid som utover 2019 vil gje fleire svar på kva for endringar i organisasjonen som må til få for å tilfredsstille budsjettkravet. I dette arbeidet skal ein balansere kravet til forsvarlege tenester med omsynet til rasjonell leiarstruktur og økonomiske innsparing. Fram til no har m.a. stillingar knytt til direkte pleie vore unntatt frå nedtak. Men også innafor desse fagområda må ein vurdere på kva for måte vi kan nytte ressursane best mogleg framover. Samtidig fortsett *omstillinga innafor spesialisthelsetenesta*, som ma. resulterer i nedtak innafor sjukehusa. Konkret skal Sykehuset Innlandet redusere aktiviteten framover. Det må ikkje kome som ei overrasking at trykket på kommunale helsetenester blir forsterka grunna endringane i sjukehussystemet. Om kommunane herunder vår eigen kommune i dag er førebudd på det som kjem er eg usikker på. Dette er forhold som vi må ha fokus på ved komande rullering av økonomiplanen.

Endringsarbeidet skal m.a. forankrast i *Omstillingsutvalet*, der tilsette sine organisasjoner er representert saman med hovudverneombod og rep. frå adm. leiing. Tilsettingsstoppen som vart sett i verk frå des. 2017 blir vidareført i 2019. Det skal rapporterast gjennom året på kor vi er i høve til måltalet for endringar fom. 2019.

Budsjettet forutsett at både eksisterande og nye *interkommunale samarbeidstiltak* skal vere del av omstillingsarbeidet. Pr. des. 2018 har ikkje adm.sj. kjennskap til at vi for 2019 klarer å innfri målsettinga om reduserte kostnader for interkommunale ordningar. Det er representantskap for ordningane som vedtar budsjett, og vedtak frå rep.skap blir som hovudregel lagt inn uendra i kvar av kommunane sine budsjett.

Kommunestyret har gjort eit eige *tekstvedtak* knytt til IKT. Her er det starta eit utgreiingsarbeid for å sjå på om IKT tenesta kan skje på anna måte enn i dag. Det blir sett på alternativ som interkommunalt samarbeid mellom MGD kommunane og / eller deltaking i fellesordningar med andre kommunar utanom regionen, eller om det er andre måtar å sikre utvikling av tenesta, herunder fokus på sikker drift / redusere sårbarheit.

Kombinert med endring av organisasjonen skal vi fortsette å arbeide med *nyskaping*. Det er søkt om skjønnsmidlar i 2019 til vidare arbeid med digitalisering og entreprenørskap. Men ved at organisasjonen skal ned på ressursar til adm. og leiing vil det ha konsekvensar for utviklingsarbeid. Færre leiarar skal ha ansvar for *dagleg drift inkl. økonomi og personalleiing* som blir avgjerande for god tenesteleveranse framover.

Kommunestyret vedtok 19.juni 2018, sak 57/18, *arealdel* til ny kommuneplan. Kommunen har lagt til rette for utvikling av areal til bestemt arealbruk. Det er sett frist til 31.12.2024 for igangsetting av detaljplanlegging for areal til ulike utbyggingsformål. Arealplanen er eit godt verktøy som har fokus på ei *balansert utvikling* mellom vekst og vern av areal, ikkje minst gjennom bruk av areal i fjellområda til utbyggingsformål.

For sentrumsområda skal det lagast *kommunedelplanar*. Vi skal starte med detaljplanlegging av nye Vinstra sentrum. Det blir ei krevjande men spennande oppgåve, som i hovudsak skal skje ved bruk av eigne resursar kombinert med noko ekstern bistand, primært ved kjøp / bruk av arkitektfagleg kompetanse. Kommunen treng eit kommunesenter i utvikling, og det vil ta fleire år før vi ser konturane av korleis eit nytt sentrum vil bli sjåande ut. Vekst på Vinstra skal også gje effekt på våre andre tettstader og grender i kommunen, t.d. gjennom buområder for innbyggjarar som ikkje vel å busette seg i sentrum. Arbeid med å etablere / legge til rette for nye buformer skal halde fram. Vi har ikkje kome langt i arbeidet med å stimulere til konsentrert bustadbygging ved utgangen av 2018.

Fokus på *næringsutvikling* må halde fram. Kommunen treng vekst i *folketalet* skal ikkje inntektsgrunnlaget svekkast framover. Da treng vi eit variert næringsliv som evner å satse på utvikling, både innafor eksisterande bedrifter og gjennom nyetableringar.

Hyttepolitikk med moderat vekst i antal *fritidsbustader* i Skåbu, Feforområdet, Sødorpfjellet og Kvamsfjellet gir aktivitet og god sysselsetting innan bygg og anlegg. Det bør gje grunnlag også for vekst innafor servicenæringane. Utvikling av områder for fritidsbustader / hyttepolitikk er også eit satsingsområde i *strategiplan* som Regionrådet for MGD har vedtatt hausten 2018. Det er i tillegg ei regional satsing på *utbygging av breiband*, sjå også retningsliner for breiband arbeid som kommunestyret har vedtatt. Dette er avgjørande for busetting og utvikling av nye næringar i vårt område som elles i landet.

Kommunestyret har vedtatt ein *tekstdel / verbale vedtak* med færre punkt enn vi har hatt i seinare år. Det gjør at vi har større tru på at forventningane kan svarast ut i form av tilbakemelding til kommunestyret. Dei ulike tekstdelata går fram av møteboka frå K.sak 118/18 som er kopiert inn i budsjettboka, og dei er også sitert på aktuell stad i kommentaren.

Pr. 20.12.18 er det uvisse korleis det *økonomiske resultatet* for 2018 blir. Skatteinngangen pr. november mnd. ser ut till å bli om lag som budsjettet for 2018. Resultata for dei ulike tenesteområda vil bli avgjørande for rekneskapsresultatet. Det er kjent at nokre område har utfordringar med å halde gitte budsjetttramme. Slik den økonomiske situasjonen utvikler seg kan ikkje kommunen lenger tilleggsøyve midlar til område som ikkje held budsjetta. Krav til økonomistyring må aukast og skal ha fokus ved komande endringsarbeid.

For 2019 står vi ovafor eit krevjande arbeidsår. Mitt håp er at vi som tidlegare år kan gje både eigne innbyggjarar, hytteinnbyggjarar og andre som brukar kommunale tenester i Nord-Fron gode tenester. Siktemålet med omstilling / reduserte driftsrammer er at vi skal kunne levere tenester framover som ikkje blir opplevd som særleg dårligare enn kva som har vore vanleg gjennom mange år med god ressurstilgang.

Vinstra, 20.desember 2018

Arne Sandbu
Administrasjonssjef

2. ØKONOMISKE NØKELTAL

2.0 Innleiing

Det er fleire tekniske endringar som gjer at driftsbudsjettet for verksemderåda ikkje er direkte samanliknbare frå 2018 til 2019. Realitetsendringar innafor tenestenivået (pluss/-minus tiltak) blir kommentert i kap. 4.

2.1 Lønns- og prisføresetnader for driftsbudsjettet

Budsjettarbeidet hausten 2018 tok utgangspunkt i gjeldande økonomiplan med framskriving av dei rammene som låg der, samt vedtak i 2018 som har verknad for økonomiplanen.

Økonomiplanen blir utarbeidd i faste 2019-prisar, og 1.året i planperioden blir etter kommunestyret sitt vedtak overført som budsjett for 2019.

Følgjande **lønns- og prisføresetnader** er lagt til grunn i 2019-budsjettet:

- **Lønn i faste stillingar:**

Lønsoppgjøret for 2019 er eit mellomoppgjør. I forslag til statsbudsjett er det lagt til grunn ei årslønnsvekst på 3,25 %. Nord-Fron har i snitt (dvs. uavhengig av kapitteltihørighet i flg. hovudavtala) budsjettert med ei årslønnsvekst på 3,2 %, og dette er det same som SSB bruker i sine prognosar. Det inneber eit påslag på lønn på om lag 3,6 % pr 1. mai 2019.

- **Pensjonspremie:**

Kommunal landspensjonskasse (KLP): I budsjettet er pensjonspremien 17,5 %* på løn i faste stillingar og for tillegga som er pensjonsgjevande. Prognosa frå KLP legg til grunn ein pensjonspremie på 18,9 %.

Det har vore store positive avvik mellom budsjettprognosa frå KLP samanlikna med faktisk premie dei siste åra. Ein stor del av dette har vore knytt til at overføring frå premiefond har vorte lagt høgare enn det KLP anslo i prognosa. Bruk av premiefond/tilbakeført overskott reduserer premien.

Med bakgrunn i erfaringane frå dei siste åra er det lagt til grunn høgare overføring frå premiefond og dermed lågare premie enn det KLP har som prognose. Pensjonspremien og bruk av premiefond er lagt likt alle åra i planperioden.

*På verksemderåda er det budsjettert med 19,5 %, fordi den delen av premien som gjeld overføring frå premiefond i KLP er ført på eige ansvar (ansvar 807).

Statens pensjonskasse (STP – pensjonskasse for lærarar): 10,66 % på lærarløn.

Utvikling pensjonspremie (budsjett-tal):

	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
KLP	17,5%	17,5%	19,0%	18,3%	18,0%	20,0%	16,4%	17,0%
SPK	10,66%	10,82%	10,25%	11,15%	11,55%	12,25%	11,31%	11,24%

- **Arbeidsgivaravgift:** 10,6 % av alle lønnsutgifter inkl. pensjonspremie.
- **Andre driftsutgifter:** Det er i utgangspunktet lagt til grunn 1,5 % auke på utgifter i budsjettframlegget. I forslag til statsbudsjett for 2019 er det lagt til grunn ein communal deflator på 2,8 %. Lønsvekst teller knapt 2/3 av deflator og er anslått til 3,25 %, dermed blir anslått prisvekst i forslag til Statsbudsjett ca. 2 %.
SSB legg pr. juni 2018 til grunn ein prisvekst neste år på 1,5 %.

Det er lagt til grunn innsparingar som både omhandlar løn og andre driftsutgifter i budsjettframlegget. Innsparingane er nærmare kommentert i kap. 4.

- **Rente- og avdragsutgifter:** Det er lagt til grunn ein rentesats på 2,5 %, og ei avdragstid på 30 år for nye generelle investeringslån.

Sals- og leigeinntekter:

- Satsen for eigenbetaling i barnehagane blir auka i tråd med maks-sats i forslag til Statsbudsjett. Denne er frå 1.1.19 kr. 2.990 og frå 1.8.19 kr.3.040 (kr. 2.910 i 2018).
- Satsen for vass-avgifter er auka med 1,5 % frå 2018, jf. KS-sak 117/18.
- Satsen for avgifter på avløp er uendra frå 2018, jf. KS-sak 117/18.
- Satsen for feieavgifter er uendra for 1.pipe på bustader frå 2018, jf. vedtak i representantskapet for interkommunale ordningar 24.10.18 og KS-sak 117/18.
- Satsen for renovasjonsavgifter er uendra frå 2018, jf. jf. vedtak i representantskapet for interkommunale ordningar 24.10.18 og KS-sak 117/18.
- Satsen for septik-tømming er redusert med 15 % frå 2018, , jf. KS-sak 117/18.
- Satsen for leige av kommunale kulturbygg og gebyr etter plan- og bygningslova aukast med 1,5 %, jf. KS-sak 114/18.

For andre satsar som blir lokalt vedtatt er det i hovudsak lagt opp til 1,5 % auke, men det kan være at særskilte betalingsordningar får anna påslag.

Når det gjeld satsen for husleige er denne frå 2018 regulert i tråd med konsumprisindeksen og det blir difor ikkje lagt fram sak som regulerer desse, jf. KS-sak 117/17.

På kommunestyremøte 11.12.178 vart det lagt fram eigne saker som omhandla dei ulike satsane.

2.2 Frie inntekter - skatteinntekt og rammetilskott

Tabellen viser samla nivå på budsjetterte frie inntekter med bakgrunn i forslag til statsbudsjett for 2019. Følgjande tal er brukt i budsjettet:

	Bud. 2018 tal i 1000	Prognose 2018	Bud. 2019	Endr. prog.18 – B19	%- vis auke prog. 18 – B19
Skatt	162.992	159.632	162.130	2.499	1,6 %
Rammetilskott	170.062	172.737	185.183	12.445	7,2 %
Herav netto inn.utjamning	3.514	6.033	6.325	291	4,8 %
Sum frie inntekter	333.100	332.400	347.300	14.900	4,5 %

Alle tala i tabellen er basert på forslag til statsbudsjett og modell frå KS. Frie inntekter viser ei auke på 4,5 % frå prognose R-18 til budsjett 2019, men tala er ikkje direkte samanliknbare. Det er ein liten differanse mellom oppgåvekorrigerte frie inntekter og oppgitt prognose for frie inntekter for Nord-Fron basert på statsbudsjettet, men denne viser også ei auke på 4,4 % mellom prognose R18 og budsjett 2019.

Statsbudsjettet legg til grunn ei løns- og prisauke (kommunal deflator) på 2,8 % i 2019.

I 2019 får kommunen 0,9 mill. kr. i skjønnsmidlar (kr. 0 i 2012 og 2013, kr. 550.000 i 2014, kr. 700.000 i 2015, kr. 0 i 2016, 1,3 mill. kr i 2017 og 1,0 mill. kr. i 2018).

KS har også utarbeidd ein alternativ modell basert på det det relative skattenivået for årene 2015-2017 og *prognose* for folketal pr. 1.1.19 (basert på SSB sin MMMM befolkningsprognose). Denne modellen viser reduserte frie inntekter på ca. 0,2 mill. kr. for Nord-Fron kommune i 2019 samanlikna med det som er lagt inn i budsjettet / kjem fram i statsbudsjettet. Dei ulike modellane viser m.a. at utvikling av folketalet i kommunane har stor innverknad på sum frie inntekter. Det er viktig å vere merksam på at det er utviklinga i den enkelte kommune samanlikna med landsgjennomsnittet som leggast til grunn.
I budsjettet er dei frie inntektene, korrigert for skjønnstilskott, lagt likt for alle åra i planperioden.

2.3 Eigedomsskatt

Det er budsjettet med slike inntekter frå eigedomsskatt i 2018 (tal i 1000):

Type	B19	B18	R17	R16
	Beløp	Beløp	Beløp	Beløp
Verk og bruk	1.714	1.936	1.891	1.936
Næring	2.407	2.189	2.197	2.064
Kraftverk	21.000	22.141	27.668	35.026
Landbruk	959	957	877	818
Bustader	5.156	5.104	5.122	5.014
Fritidsbustader	5.595	5.496	5.396	5.359
Sum eigedomsskatt	36.831	37.823	43.420	50.218

Skatteetaten har lagt om fagsystem for informasjon om samla oversikt over **eigedomsskatt frå krafverk**. Budsjettet er basert på ei prognose basert på eit uttrekk frå Skatteetaten, som viser eigdomsskattegrunnlag frå dei kraftverka Nord-Fron har mest eigedomsskatt frå. Det ser ikkje ut til at dei reelle tala avvik vesentleg frå prognosa. Det er lagt til grunn ein nedgang på om lag 1,1 mill. kr. frå 2018 til 2019. Frå 2017 til 2018 var det ein nedgang på om lag 4,9 mill. kr, og frå 2016 til 2017 var det ein nedgang på 7,4 mill. kr. Det er lagt til grunn lik eiegdomsskatt (21 mill. kr.) alle åra i planperioden.

Når det gjeld eigedomsskatt frå verker og bruk er det lagt inn ein nedgang i tråd med vedteke Statsbudsjett for 2018. Dette inneber ei nedtrapping av delar av skatten frå 2019 og utover. Nedgangen er på om lag kr. 370.000 frå 2018 til 2022.

Frå 2011 har kommunen hatt eigedomsskatt i **heile** kommunen.

Promillesatsen og botnfrådrag for bustader og fritidsbustader er uendra frå 2018 (3 promille og botnfrådrag på kr. 150.000).

Promillesats og botnfrådrag er budsjettet likt for heile 4-års perioden.

2.4 Inntekter frå kraftsektoren

Nord-Fron kommune har eigardelar i Gudbrandsdal Energi AS og Eidsiva Energi AS. Tabellen viser årlege uttak frå kraftverka og inntekter knytt til konsesjonskraft (tal i 1000):

	R-2016	R-2017	B-2018	B-2019
GE AS – utbytte	4.830	5.418	5.418	5.418
Netto inntekt for konsesjons- og avtalekraft	7.010	7.897	6.627	8.359
Sum GE AS / kons.kraft	11.840	13.315	12.045	13.777
Eidsiva Energi AS – utbytte	1.910	1.630	1.410	2.141
Renter ansvarleg lån Eidsiva as	1.000	1.000	1.000	
Sum Eidsiva AS	2.910	2.630	2.410	2.141
Sum inntekter	14.750	15.945	14.455	15.918

Samla utbytte frå GE AS og Eidsiva AS er budsjettet med 7,6 mill. kr. i 2019. Det ligg inne ein auke på samla kr. 624.000 frå Eidsiva frå 2019 til 2022. Dette er i tråd med konvertering av ansvarlig lån jf. KS-sak 71/18.

Utbvette frå GE AS er lagt inn i tråd med ny eierskapsmelding.

Betaling for konsesjons- og avtalekrafa er i 2019 budsjettet med netto inntekt på om lag 8,4 mill. kr. Budsjettet for 2018 var på 6,6 mill. kr. Inntekta ligg om lag uendra i planperioden (auker med kr. 100 000 fram mot 2022).

2.5 Driftsrammer

Netto driftsrammer til verksemdsområda, politisk verksemd og rådmannsleiing kjem fram i **budsjettkjema 1b**. Kommunestyret **vedtar** driftsbudsjetten på dette nivået og rekneskapen for 2019 leggast fram på same nivå.

Det er lagt inn innsparing på fleire områder. Desse er kommentert nærmare i kapittel 4 – drift.

2.6 Økonomiske nøkkeltal

Tabellen viser utviklinga av netto driftsresultat:

Tal i 1000	R-16	R-17	B-18	B-19	B-20	B-21	B-22
Netto driftsresultat*	20.642	9.632	-10.984	3.283	-5.153	568	-84
Nto. driftsres. i høve til sum driftsinntekter	3,8 %	1,7 %	-2,1 %	0,6 %	-1,0 %	0,1 %	0,0 %

*Resultatet blir påverka av tilknytingsavgifter (inntekter) og rente/avdragskostnader for vann- og avløpsprosjekt Furusjøen. Dette gir spesielt stort utslag i B-19, men påverkar også dei andre åra i planperioden.

Netto driftsresultat viser differansen mellom brutto driftsutgifter og inntekter korrigert for netto utgifter til renter og avdrag. Netto driftsresultat viser kva kommunen har disponibelt til avsetningar til fond og bruk av eigne midlar i investeringsbudsjetten.

Netto driftsresultat i høve til brutto driftsinntekter

Fylkesmannen har i dag ei anbefaling på 1,75 %. Det vil bli lagt fram eigen sak som omhandlar måltal for Nord-Fron kommune i løpet av første halvår 2019.

Utvikling av lånegjeld og utgifter til renter og avdrag:

Tabellen nedanfor viser opptak av lån til investeringar og startlån. Den viser vidare lånegjeldsutvikling og totale utgifter til renter og avdrag i planperioden.

Tala er basert på dei låneopptaka som er i investeringsbudsjettet (tal i 1.000):

År	Lån til inv.	Enøk lån	Start lån	Sum låneop.	Lånegj. Pr. 31.12	i % *	Sum avdrag	Sum renter	Sum rent. og avdr.
2017	0	0	1.050	1.050	490.354	88,1 %	25.895	9.853	35.747
2018	41.691	0	3.000	44.691	508.910	98,2 %	26.135	9.482	35.617
2019	55.198	0	3.000	58.198	539.636	96,6 %	27.472	10.969	38.441
2020	34.750	0	3.000	37.750	548.431	102,3 %	28.955	11.862	40.816
2021	30.660	0	3.000	33.660	551.894	103,4 %	30.197	12.253	42.450
2022	31.586	0	3.000	34.586	555.137	104,3 %	31.343	12.564	43.907

Tal i 2017 er reknekapstal og i 2018 er opprinnelig budsjett.

* i % av brutto driftsinntekter.

Lånegjelda aukar med om lag 64,8 mill. kr. frå utgangen av 2017 til slutten av planperioden. Rente- og avdragskostnadene aukar i perioden hovudsaklig som følgje av høgare lånegjeld. Det vil bli lagt fram eigen sak som omhandlar måltal for Nord-Fron kommune i løpet av første halvår 2019.

For nærmere informasjon om investeringsprosjekta blir det vist til kap.3.

Når det gjeld startlån er det lagt opp til å vidareføre eit låneopptaket på 3 mill. kr. årleg.

Fondsutvikling:

Tabellen viser budsjettert utvikling av dei ulike fondstypane ved utgangen av kvart år i planperioden (tal i 1000):

	R-17	Prog R-18	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
Ubunde investeringsfond	75.360	12.063	13.134	13.835	14.543	15.259
Bunde investeringsfond	2.329	2.352	2.367	2.400	2.424	2.448
Disposisjonsfond	56.142	50.650	55.391	50.050	49.478	48.247
Bunde driftsfond*	36.750	29.377	14.828	13.356	13.192	13.026
Sum fond	170.581	94.443	85.728	79.641	79.636	78.980
Disposisjonsfond i % av sum driftsinntekter	10,1 %	9,8 %	9,9 %	9,3 %	9,2 %	9,0 %

Kolonna «Prog R-18» er ajourført i tråd med vedtak i kommunestyret gjennom året t.o.m. 31.7.18.

*Tal eks. prosjektmidlar til Regionrådet.

Disposisjonsfond er dei midlane kommunen ”fritt” kan nytte til drifts- og investeringsformål. **Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter** er det nøkkeltalet som saman med netto driftsresultat seier kor stor handlefridom kommunen har til å takle uførutsette hendingar og til å eigenfinansiere investeringar. Det vil bli lagt fram eigen sak som omhandlar måltal for Nord-Fron kommune i løpet av første halvår 2019.

Ved evt. gode rekneskapsresultat bør det som tidlegare prioriterast å styrke fonda gjennom avsetningar, og ikkje til å påføre kommunen varige auka driftsutgifter.

2.7 Investeringsbudsjettet

Det er lagt opp til slike *brutto* investeringar i planperioden:

Tal i 1000 kr.

Investeringar	2018*	2019	2020	2021	2022	Sum planper.
1. IKT- investeringar	1.000	1.100	800	800	800	3.500
2. Inv. teknisk drift	45.188	69.400	39.150	33.450	39.750	181.750
3. Kulturbrygg	0	0	0	1.150	1.000	2.150
Brutto investeringar	46.188	70.500	39.950	35.400	41.550	187.400

*=oppinneleg budsjett.

Kommunestyret **vedtar** investeringsbudsjettet på dette nivået, jfr. **budsjettkjema 2b**, og rekneskapen for 2019 leggast fram på same nivå. Alle investeringar er kommentert under kap. 3 «Kommentarar til investeringsbudsjettet». Liste over samlede investeringsprosjekt er vedlagt budsjettet.

Totale investeringar for dei ulike åra og finansiering av investeringane går fram av tabellen:

Tal i 1000 kr.

	2018*	2019	2020	2021	2022	Sum planp.
Brutto inv.	46.188	70.500	39.950	35.400	41.550	187.400
Finansiering:						
Bruk av lån	41.691	55.198	34.750	30.660	31.586	152.194
Tilsk./sal./refusj.	649	5.342		500	5.280	11.122
Momskomp.inv	3.848	9.960	5.200	4.240	4.684	24.084
Bruk av fond **	0	0	0	0	0	0
Bidrag frå dr. **	0	0	0	0	0	0
Sum finans.	46.188	70.500	39.950	35.400	41.550	187.400
Lånefin.grad	90,3 %	78,3 %	87,0 %	86,6 %	76,0 %	81,2 %
Eigen.k.grad	0,0 %					

*=oppinneleg budsjett

**inngår i eigenkap.graden

Som det går fram av tabellen er storparten av investeringane i planperioden lånefinansiert.

Samla investeringsbudsjett (inkl. avsetningar og startlån) for planperioden er 210 mill. kr.

2.8 Driftsbudsjettet fordelt på artsgrupper

Tabellen viser utviklinga av dei ulike kostnadsartane innafor verksemdsområda frå opprinnelige budsjett 2018 til 2019.

Tal i 1000	Budsjett 2018	Budsjett 2019	%-vis endr. B18-B19
Lønsutgifter (art 10)	344.328	356.138	3,4 %
Varer / tenester innan komm. produksjon (art 11 og 12)	78.892	78.123	-1,0 %
Varer / tenester som erstattar komm. produksjon (art 13)	55.295	64.455	16,6 %
Overføringer (art 14)	27.646	33.016	19,4 %
Finansieringsutgifter / transaksjonar (art 15)	50	12.396	
Sum utgifter	506.211	544.128	7,5 %
Salsinntekter (art 16)	73.758	90.746	23,0 %
Refusjonar (art 17)	25.900	43.262	67,0 %
Overføringer (art 18)	17.130	17.741	3,6 %
Finansinntekter / transaksjonar (art 19)	9.437	4.497	
Sum inntekter	126.225	156.246	23,8 %
Nettoutgift planområda	379.986	387.882	2,1 %

Kommentar til nokre endringar:

Lønsutgifter (art 10)*. Lønnsutgifter inkl. sosiale utgifter aukar med 3,4 %. Dette er mellom anna knytt til generell lønsauke, auka stillingsressursar (innan Institusjon og Tenester for funksjonshemma), endring i fast og variabel løn, pensjon og arbeidsgivaravgift.

Varer/tenester innan komm. produksjon (art 11* og 12) viser ein nedgang på 1,0 %. Dette er knytt til mindre reduksjonar på fleire ulike postar innan enkeltområder. Desse er nærmare kommentert i kap. 4. drift.

Varer / tenester som erstattar komm. produksjon (art 13) viser ein auke på 16,6 % og er hovedsakleg knytt til auka utgifter på ulike legetenester (sjå drift ansvar 330) samt auke i tilskott til private barnehager. Auken er hovedsakleg knytt til at tilskot til interkommunale ordningar blir ført her, og der er det nye selskap frå 2019 (barnevern, flyktningeteneste, NAV).

Overføringer (art 14) auker med 19,4% og **Refusjonar (art 17)** auker med 67,0 % og dette er m.a. knytt til nye NAV Midt-Gudbrandsdal og samordning av overføring til Staten og at kvalifiseringsstønad / øk.sosialhjelp for alle tre kommuane blir ført her. Artana sjåast opp i samanheng.

Salsinntekter (art 16) auker med 23 % og dette er hovedsakleg knytt til store inntekter gjennom tilknytningsavgifter for VA Furusjøen i 2019. Inntektene blir avstemt mot kapitalkostnader og avsett til eige driftsfond.

*Merk at art 1136 effektivisering er knytt til artsgruppe 11. På denne arten er det budsjettert med innsparingar på ein rekke områder, og ein stor del av dette vil også omhandle lønskostnader. Totalt er det lagt inn slike «minustal» på arten i planperioden:

2019: 3,084 mill. kr.

2020: 8,014 mill. kr.

2021 og 2022: 11,014 mill. kr.

I opprinnelige budsjett 2018 låg det inne 1,7 mill. kr. (minustal) på arten.

Det er oppretta eit eige ansvar, *120 Omstilling*, der alle reduksjonar som ikkje er definert til eit konkret verksemdsområde er plassert inntil vidare. Ansvaret ligg under Rådmannsleiing. Det er også ein eigen funksjon (*1207 Effektivisering organisasjon*) som er brukt til plassering av reduksjonar som ikkje er definert til ein konkret funksjon enda. Denne er brukt både for ansvar 120 og for andre områder/ansvar. Alle vesentlege endringar innanfor driftsbudsjettet er kommentert under kap. 4.

3. KOMMENTARAR TIL INVESTERINGSBUDSJETTET

3.0 *Innleiing*

Det er budsjettert med investeringar for 187,4 mill. kr. i planperioden, av dette er det budsjettert med 70,5 mill. kr. i 2019. Samla finansieringsbehov i investeringsbudsjettet er på 210,3 mill. kr.

Korrigert for momskompensasjon er finansieringsbehovet 186,2 mill. kr.
Dette er finansiert med tilskott, fond og låneopptak.

Investeringsbudsjettet er delt inn i ulike **rammeområde**:

- IKT- investeringar
- Investeringar – Teknisk drift (TD)
- Kulturbrygg med tilhøyrande utstyr

Større investeringsprosjekt på over 1 mill. kr. (brutto):

- IKT: Det er sett av 1,1 mill. kr. i 2019. Vidare i planperioden er det avsett til saman 2,4 mill. kr. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2018 (0,4 mill. kr.)*.
- Utskifting av bilar: Det er sett av til saman 1,4 mill. kr. i planperioden til utskifting av bilar.
- Generelt vedlikehald kommunale vegar: Til fast dekke er det avsett 1,5 mill. kr. årleg i planperioden.
- Gatelys/utskifting: Det er sett av 1 mill. kr. i 2019 til større utskifting av gatelys. Vidare i planperioden er det sett av 0,1 mill. kr. årleg.
- Rekkverk/reparasjon: Det er sett av 0,3 mill. kr. årleg i planperioden.
- Vann/avløpsanlegg Furusjøen: Det er sett av til saman 16 mill. kr. i 2019 og 7 mill. kr. i 2020. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2018 (44 mill. kr.)*. Tilknytingsavgifta for vatn/avløp Furusjøen er ført opp i driftsbudsjettet.
- Gang/sykkelveg Byrevn.-Brakjevn.: Det er sett av 1 mill. kr. i 2020.
- Flomsikring av Givra: Det er sett av til saman 12,5 mill. kr. til gjennomføring av tiltaket i åra 2019 - 2020. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2018 (2,8 mill. kr.)*.
- Rassikring: Det er ført opp 6,6 mill. kr i 2019 og 2022 til rassikringstiltak. Tiltaket er delfinansiert med tilskott frå staten (5,28 mill. kr. i 2019 og 2022). I tillegg er det ført opp 1 mill. kr. til konsulentbistand/kartlegging i 2021.
- Mindre nyanlegg kloakk: De er ført opp 1 mill. kr. i 2020. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2018 (0,2 mill. kr.)*.
- Brattliflata vassverk og bygging av ledningsnett frå Vinstra: Det er sett av til saman 11,5 mill. kr. i planperioden. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2018 (0,5 mill. kr.)*.
- Søndorp kloakkpumpestasjon: Det er sett av 1 mill. kr. i 2022 til bytting/flytting.
- Ny hovudvassledning over Lågen: Til planlegging av tiltaket er det sett av 1 mill. kr. i 2022.

- Frya renseanlegg: Det er sett av 1,75 mill. kr. i 2019 til utviding/utbetring som følge av vedtak om vidare samarbeid om Frya RA i representantskapet for interkommunale ordningar, jf. KS-sak 130/15. I tillegg er det ført opp 1,25 mill. kr. i 2019 knytt til overføringsanlegget til Frya.
- Innlekkning: For å redusere innlekkning på kloakkledningsnettet er det avsett til saman 18 mill. kr. i planperioden. Prosjektet må sjåast i samanheng med vedtak i representantskapet for interkommunale ordningar, og jf. KS-sak 130/15, der alt avløp skal overføres til Frya RA og Vinstra Renseanlegg blir nedlagt. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2018 (4,5 mill. kr.)*.
Det er også sett av midlar til innlekkingsprosjektet i driftsbudsjettet. Dette finansiert med bruk av sjølvkostfond.
- Oppgradering av vassleidningar: Det er avsett 1 mill. kr. i 2019 og 0,5 mill. kr. årleg vidare i planperioden.
- Byre høgdebasseng: Det er sett av 1 mill. kr. i 2022 til nytt høgdebasseng.
- Kvikne kyrkje: Det er ført opp 2 mill. kr. i 2021 for å gjennoføre utbetingar ved kyrkja.
- Søndorp kyrkje: For utbeting av m.a. taket er det ført opp 2 mill. kr. i 2019. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2018 (0,3 mill. kr.)*.
- Grunnkjøp / grunnerstatning: Det er sett av 0,5 mill. kr. årleg i planperioden.
- Ombygging kommunehuset: For ombygging av lokaler til NAV Midt-Gudbrandsdal er det ført opp 15 mill. kr. i 2019. I tillegg er det sett av 2,5 mill. kr. i 2021 til anna ombygging, og tilpasning av kontor ved kommunehuset.
- Støttemur/utbeting øvre parkering ved kommunehuset: Det er sett av 1 mill. kr. årleg i 2019 og 2020.
- Fiberutbygging: For tilrettetettleiling (m.a. trekkerør) for fiber ved ulike kommunale bygg er det ført opp til saman 2,3 mill.kr. i planperioden.
- Universell utforming ved Vinstra ungdomsskole: Det er sett av 1 mill. kr. i 2019 for tilpasning for universell utforming ved skolen.
- Byutvikling Vinstra: I planperioden er det sett av til saman 34 mill. kr. for gjennomføring av tiltaket, fordelt på fleire prosjekt. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2018 (8,28 mill. kr.) og midlar overført knytt til nybygg Vinstra helsecenter (0,4 mill. kr.)*.
- Trygdebustader: Det er ført opp 0,5 mill.kr. årleg i 2020, 2021 og 2022 for større vedlikehald/rehabilitering av bustadene.
- Påkostning TFF: For oppgradering av bygget er det ført opp 2 mill. kr. i 2019. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2018 (0,3 mill. kr.)*.
- Omsorgsbustader TFF: Det er ført opp 1 mill. kr. i 2022 for å starte med bygging av ny bustad for TFF.
- Tak Vinstrahallen: Til skifting/utbeting av taket er det ført opp 1 mill kr. i 2022.

**I kommunestyret 11.12.2018, KS-sak 103/18, vart investeringsbudsjettet regulert ned for prosjekt som går over fleire år. I 2019 skal investeringsbudsjettet regulerast opp att, saman med andre pågående prosjekt vidareført frå 2018. For dei prosjekta som var nedregulert i KS-sak 103/18 kan det bli mindre justeringar i oppreguleringa, og det heng saman med kor mykje som står att på prosjektet frå 2018 (ubrukne midlar). Dette kan også gjelde overføring av restmidlar for nokre fleire, mindre prosjekt. Finansieringa går ikkje ut over vedteke budsjett. Ved oppreguleringa i 2019 kan det bli aktuelt om å omdisponere rest-midlar på nokre mindre prosjekt til andre tiltak. Kommunestyret vil bli gjort kjent med dette ved behandlinga.*

I tillegg til prosjekta som er lista opp på førre side vart følgjande prosjekt nedregulert i KS-sak 103/18 (og desse blir tilsvarende oppregulert/rebudsjettert i 2019):

- *Bustadområde Toksefeltet, jf. også flomsikring overvann.*
- *Enøk-tiltak.*
- *Kostnader ny E6.*
- *Tiltak Skåbu sentrum.*
- *Vollen kloakkpumpestasjon.*
- *Veg i Rustmoen.*
- *Tettstedutvikling.*
- *Fortau Sundheimsvegen.*
- *Busskur.*
- *G/S gamle Rustvegen.*
- *Målepunkt gatelys.*
- *Fortau Skåbu.*
- *Gyntestien.*
- *Ny veg Sundheim.*
- *Tilbygg Sundheim.*

Generelt om inv.budsjett:

Meirverdiavgift:

Kostnader blir som hovedregel ført brutto, dvs. inkl. mva. på det enkelte prosjekt i investeringsbudsjettet. Meirverdiavgift (momskompensasjon) blir inntektsført på eigen funksjon.

Det er unntak for vann/avløp. For desse prosjekta gjeld ikke momskompensasjon, men ordinær meirverdiavgift. Kostnaden blir da ført netto, dvs. eks. mva, på det enkelte prosjekt. Meirverdiavgifta blir rekneskapsført i balanse.

Låneopptak:

Kommunale låneopptak var ute på anbod i 2015 og som følgje av det er det inngått rammeavtale med KLP Kommunekreditt AS og Kommunalbanken AS.

3.1 IKT-investeringar

Ansvar 125 Stab/Fellesutgifter

Det er samla sett av 3,5 mill. kr. til IKT-investeringar i planperioden.

Prosjekt 6078 Legekontor.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2018 (0,4 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Prosjekt 8001 IKT Fellesutgifter datasenter.

Til ulike IKT-investeringar er det satt av kr. 1,1 mill. kr. i 2019.

Vidare i planperioden er det sett av 0,8 mill. kr. årleg til IKT-investeringar.

Det vart i KS-sak 118/18 gjort slikt tekstvedtak knytt til IKT:

IKT og digitalisering blir en stadig viktigere del av kommunens drift. Det stiller også store krav til kommunens IT løsninger. Innen 1.6.2019 skal det legges fram en sak som skissere hvordan kommunen på best mulig kan sikre en framtidsretta og mest mulig kostnadseffektiv IKT løsning.

3.2 Investeringar - Teknisk drift (TD)

F.o.m. 2016 er ei 100 % ingeniørstilling ved Teknisk drift kostnadsført i investering knytt til ulike prosjekt.

Det blir arbeidd med ny hovudplan for vavn og avløp. Når denne er klar vil den bli lagt fram for politisk behandling og prioriteringane vil påverke framtidige investeringar innan området.

Teknisk drift vart i 2018 splitta opp i fleire delansvarsområder. Dette vart gjort for å få ei innretning som gjer det enklere å følgje opp driftsbudsjetten gjennom året.

Inndelinga er frå 2019 også brukt i investeringsbudsjettet.

Inndelinga er slik:

Delansvar 144 – Vatn, avløp, oppmåling

Delansvar 145 – Interkommunale selskap

Delansvar 148 – Utleigebygg

Delansvar 149 – Kommunale bygg og eigedommar

Delansvar 140 – Teknisk drift/øvrige områder.

Delansvar 140 Teknisk drift

Bustadbygging

Kommunen har ein del tilrettelagde tomter i alle delar av kommunen, og det er budsjettert med sal av bustadtomter i Toksefeltet, Huskero og Midtmoen. I tillegg er det budsjettert med sal av tomter i Kvam sentrum. Dette er tomter kommunen har overteke etter flommen.

Inntekter ved sal av bustadtomter blir avsett til ubunde investeringsfond.

Det er ført opp 0,5 mill. kr. i 2022 til konsulenttenester på Gunnersvingen.

I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2018 knytt til Toksefeltet og Gunnersvingen.

Det er ikkje sett av midlar til opparbeiding av tomter i Midtmoen, Knutsmorka og Huskero i planperioden. Dette er relatert til at det er opparbeidd fleire tomter i nærliggande områder, både frå kommunen si side (Midtmoen) og frå private aktørar.

Satsane for tomtekjøp og refusjon vart lagt fram som eiga sak for kommunestyret i møte 11.12.18, KS-sak 117/18. Satsane for refusjon for tomter (utanom Skåbu) vart auka frå kr. 150.000 i 2016 til kr. 180.000 i 2017, og var uendra i 2018 og er uendra for 2019. Prisen inkluderar refusjon for kabelanlegg/gatelys.

Det vart i KS-sak 118/18 gjort slik tekstvedtak knytt til bustadbygging:

Kommunestyret ønsker å stimulere til økt boligbygging.

Administrasjonen legger fram en sak for kommunestyret med forslag om et prissystem på tomter som ikke virker konkurransevridende overfor private aktører.

Tabell over *byggjeklare tomter* i dei ulike bustadområda i Kvam, Vinstra, Skåbu:

	Område	Ledige
Vinstra	Toksefeltet, eldre tomter	2
	Toksefeltet, nytt felt	0
Sorperoa	Midtmoen	4
	Knutsmorka	0
Ruste	Huskero	3
	Brandstad	2
Kvam	Per Smed-lykkja	1
	Skreddarstuggu	0
	Bergum	2
	Sentrums (flomtomter)	6
Skåbu	Austli	6

Prosjekt 2007 Knutsmorka bustadområde.

Det er ikkje sett av midlar til opparbeiding av nye tomter i planperioden. Dette er relatert til at det er og blir opparbeidd fleire tomter i nærliggande områder i perioden, både frå kommunen si side (Midtmoen) og frå private aktørar.

Prosjekt 2008 Huskero bustadområde.

Det er ikkje sett av midlar til opparbeiding av nye tomter i planperioden. Det er budsjettert med sal av to tomter i planperioden.

Prosjekt 2009 Toksefeltet bustadområde.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2018 (2,5 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Det er lagt opp til sal av tre tomter i Toksefeltet i planperioden.

Vidare opparbeiding sjåast også i samanheng med vidare *flomsikring/overvann Vinstra* (sjå prosjekt 3188).

Prosjekt 2015 Kvam sentrum – bustadområde.

Det er budsjettert med sal av totalt fire tomter i planperioden. Dette er tomter som kommunen har overteke etter flommen i 2013, og som blir lagt ut for sal etter at bygge/deleforbodet er oppheva. Det inkluderer også ei tomt på Per Smed-lykkja.

Prosjekt 2022 Midtmoen bustadområde.

Det er ikkje sett av midlar til opparbeiding av nye tomter i planperioden. Det er fire tomter ledige pr. i dag og det er i tillegg private aktørar som opparbeider tomter i nærliggande områder. Det er budsjettert med sal av tre tomter i planperioden.

Prosjekt 2094 Gunnersvingen bustadområde.

Det er ført opp 0,5 mill. kr. i 2022 til konsulenttenester. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2018, som vart nedregulert i kommunestyret 11.12.2018, KS-sak 103/17 (1,65 mill. kr.).

Prosjekt 2004 Grunnkjøp.

For å kunne kjøpe areal er det ført opp 0,5 mill. kr. årleg i planperioden. Dette kan gjelde både ordinært kjøp av areal, og gjennom kjøp der pris blir fastsett ved skjønn.

Prosjekt 2019 Lomoen industriområde.

Det ligg inne kr. 300.000 til grunnkjøp i 2019, samt inntekt gjennom sal av tomt.

Prosjekt 2050 Kjøp av bil.

Det er ført opp kr. 350.000 årleg til utskifting av bilar ved Teknisk Drift.

Prosjekt 2070 Kjøp av maskiner.

Til utskifting av maskiner/utstyr (plenkliipparar o.a.) er det ført opp kr. 100.000 årleg i planperioden.

Prosjekt 2087 Kostnader ny E6.

Det er ikke ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar fra 2018 (0,9 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Prosjekt 2091 Torg i Kvam

Med tanke på noko opparbeiding av areal til torg / park i Kvam er det ført opp 0,3 mill. kr. i 2019.

Prosjekt 3013 Kommunale vegar, fast dekke.

Det er ført opp 1,5 mill. kr. årleg i perioden for legging av faste dekker på kommunale vegar.

Prosjekt 3015 Gatelys og 3198 Målepunkt gatelys .

For å følgje opp krav til utskifting av gatelys/armatur er det ført opp 1 mill. kr. i 2019. Vidare i planperioden er det ført opp kr. 100.000 årleg.

I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar fra 2018, som vart nedregulert i kommunestyret 11.12.2018, KS-sak 103/17 (1,2 mill. kr.).

Det er ikke ført opp nye midlar til målepunkt gatelys, men også her vil ubrukte midlar fra 2018 (1,5 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Prosjekt 3025 Rekkverk.

Det er ført opp kr. 300.000 årleg til rekkverk/autovern. Dette gjeld både større utbetring/reparasjon og nyanlegg.

Prosjekt 3040 Tiltak Skåbu sentrum.

Det er ikke ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar fra 2018 (0,2 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Prosjekt 3050 Furusjøen V/A.

Det er ført opp til saman 23 mill. kr. i 2019 og 2020 til gjennomføring av prosjektet i tråd med KS-sak 93/14 og KS-sak 59/17 I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar fra 2018, som vart nedregulert i kommunestyret 11.12.2018, KS-sak 103/17 (44 mill. kr.).

I driftsbudsjettet er det lagt inn inntekt gjennom tilknytingsavgift i 2019, 2020 og 2021.

Inntekta blir sett opp mot avdrag/renter på lån, og avstemt mot eige fond i drift.

I driftsbudsjettet er det også budsjettert med i kommunale avgifter som følgje av prosjektet frå 2019.

Prosjekt 3063 G/S-veg Byrevegen/Brakjevegen.

Det er ført opp 1 mill. kr. i 2020 til prosjektet. Det er så langt ikkje lagt inn refusjon frå Staten på gjennom trafikksikringsmidlar.

Prosjekt 3105 Veg i Rustmoen.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2018 (1,25 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Prosjekt 3139 Vegomlegging Pallane.

Det er sett av 0,5 mill. kr. i 2021 til prosjektet.

Prosjekt 3165 Tettstedutvikling.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2018 (1,5 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Prosjekt 3184 Fortau Sundheimsvegen.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2018 (0,86 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Prosjekt 3188 Flomsikring/overvann Vinstra.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2018 (2,8 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Prosjektet sjåast i samanheng med prosjekt 2009 Toksefeltet bustadområde og vidare opparbeiding av tomter der.

Prosjekt 3186 Busskur.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2018 (0,5 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Prosjekt 3196 Flomsikring Givra.

Det er ført opp til saman 12,5 mill. kr. fordelt på 2019 og 2020 til flomsikring av Givra.

I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2018, som vart nedregulert i kommunestyret 11.12.2018, KS-sak 103/17 (6,96 mill. kr.).

Det er førebels ikkje teke høgde for tilskott/refusjonar frå andre, som t.d. fylkeskommunen.

Prosjekt 3197 G/S Gamle Rustvegen.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar frå 2018 (0,2 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Prosjekt 3208 Rassikring.

For å gjennomføre rassikring knytt til to områder i kommunen er det lagt inn 6,6 mill. kr. i 2019 og 2022. Det er lagt inn forventa refusjon på 5,28 mill. kr. for både åra (80 %) frå Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE). I tillegg er det lagt inn midlar til konsulentutgifter i 2021 med 1 mill. kr.

Prosjekt 3209 Vegløsning Nordre Byre.

For å få på plass ny vegløsning ved Nordre Byre er det ført opp kr. 500.000 i 2020. Dette gjeld innkjøring til lege/tannlegesenter m.m.

Prosjekt 3212 Fortau Skåbu.

Det er ikke ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar fra 2018 (0,5 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Prosjekt 5064 Gyntestien.

Det er ikke ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar fra 2018 (0,67 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Prosjekt 6016 Ny veg Sundheim

Det er ikke ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar fra 2018 (0,3 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Delansvar 144 Vatn, avløp, oppmåling (sjølvkostområder)

Prosjekt 3007 Kloakk, mindre nyanlegg.

I samband med arbeidet med å føre fram vassleidning til Brattliflata vassverk er det hensiktsmessig at det blir tilrettelagt for tilknyting til kloakkanlegg samtidig. Det er ført opp 1 mill. kr. i 2020 til dette. Sjå også prosjekt 3029 Brattliflata vassverk.

I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar fra 2018, som vart nedregulert i kommunestyret 11.12.2018, KS-sak 103/17 (0,2 mill. kr.).

Prosjekt 3021 Kvam renseanlegg.

I samband med utbygging av vann/avløp Furusjøen må det gjerast tilpasningar og auke kapasiteten ved renseanlegget. Det er usikkert når dette blir aktuelt. Det er ført opp 1 mill. kr. til oppstart av arbeidet i 2022.

Prosjekt 3022 Vinstra renseanlegg.

Det er ført opp 1,5 mill. kr. i 2019 for tilpassingar og nedlegging av anlegget. Dette omhandlar m.a. ombygging til pumpestasjon og andre ombyggingskostnader. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar fra 2018, som vart nedregulert i kommunestyret 11.12.2018, KS-sak 103/17 (0,3 mill. kr.).

Sjå også prosjekt 3124 Utviding Frya Renseanlegg.

Prosjekt 3029 Brattliflata vassverk.

For utbetring av høgdebassensenget og bygging av ny leidning fra Vinstra til Brattliflata er det ført opp til saman 11,5 mill. kr. fordelt på 2020, 2021 og 2022.

I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar fra 2018, som vart nedregulert i kommunestyret 11.12.2018, KS-sak 103/17 (0,5 mill. kr.).

Sjå også prosjekt 3007 Kloakk, mindre nyanlegg.

Prosjekt 3030 Sonevassmåling.

For installering av vassmålar på høgdebassenga i Tokse og Byrstugu, samt mellombassensenget i Tokse, er det ført opp kr. 200.000 i 2019.

Prosjekt 3059 Vinstra vassverk, pumpekapasitet.

Det er ført opp 0,5 mill. kr. i 2021 for å betre pumpekapasiteten ved Vinstra vassverk, slik at kapasitet på vassforsyning til Kvam og Vinstra blir sikra.

Prosjekt 3074 Sødorp kloakkpumpestasjon.

Til bytting og flytting av pumpestasjonen ved Sandbakken er det ført opp 1. mill. kr. i 2021.

Prosjekt 3091 Hovudvassledning over Lågen.

For tilrettelegging av ny hovudvass- og avløpsledning over Lågen er det ført opp 1. mill. kr. i 2022. Her vil det også komme videre kostnader utanom planperioden.

Prosjekt 3098 Vollen kloakkpumpestasjon.

Det er ikke ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar fra 2018 (0,39 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Prosjekt 3124 Utviding Frya Renseanlegg.

Vidare samarbeid om Frya Renseanlegg vart behandla i ekstraordinært møte i representantskapet for interkommunale ordningar 9.10.15, og vedteke i kommunestyret 23.11.2015, KS-sak 130/15. Som ein del av vedtaket der og semje om vidare drift er det ført opp 1,75 mill. kr. i 2019 til investeringar ved anlegget. Det blir også vist til *prosjekt 3192 Kloakkledninger innleking, prosjekt 3022 Vinstra renseanlegg og prosjekt 3163 Overføringsanlegg til Frya*.

Prosjekt 3135 VA-Anlegg Frostadjordet

Det er ført opp kr. 600.000 i 2020 til bygg over trykkaukar på vassforsyning til området.

Prosjekt 3163 Overføringsanlegg til Frya.

Til utbetring og oppgradering av pumpestasjoner gjennom Sør-Fron er det avsett 1,25 mill. kr. i 2019. Tiltaket heng saman med utbygginga ved Frya Renseanlegg, sjå også *prosjekt 3124 Frya Renseanlegg, 3022 Vinstra renseanlegg og 3192 Kloakkledninger innleking*.

Prosjekt 3192 Kloakkledninger innleking.

I samband med vedtak om vidare drift ved Frya Renseanlegg har Nord-Fron forplikta seg til å redusere innleking på kloakkledningsnettet. Det er ført opp til saman 18 mill. kr. til arbeidet i planperioden. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar fra 2018, som vart nedregulert i kommunestyret 11.12.2018, KS-sak 103/17 (4,5 mill. kr.).

Det er også ført opp midlar til arbeidet (vedlikehald) i driftsbudsjettet. Dette er finansiert med sjølvkostfond.

Sjå også *prosjekt 3124 Utviding Frya Renseanlegg*.

Prosjekt 3203 Vassleidning – oppgradering.

Det er ført opp 1 mill. kr. i 2019 og 0,5 mill. kr. årleg i 2020, 2021 og 2022 til oppgradering av vassleidningar på Vinstra, i Kvam og i Skåbu. Tiltaket vil inngå i ny hovudplan for vatn som skal til politisk behandling.

Prosjekt 3205 Byre høgdebasseng.

Til nytt høgdebasseng er det ført opp 1 mill. kr. i 2022. Her vil det også komme kostnader utanom planperioden.

Delansvar 145 Interkommunale selskap

Prosjekt 3148 Geodata/kart (GIS).

Det er ført opp kr. 120.000 brutto i 2019 til nye modular relatert til kartsystemet. Utgifta er fordelt på dei tre deltakarkommunane. Investeringa er ført opp i tråd med vedtak i representantskapsmøte for interkommunale ordningar 24.10.2018.

Delansvar 148 Utleigebrygg

Prosjekt 2005 Utbetring kommunale eigedommar.

Det er ført opp 0,3 mill. kr. årleg i 2020, 2021 og 2022 til utbetring og oppgradering av ulike kommunale bustader for utleige.

Prosjekt 2084 Riving Høgtun.

Høgtun blir sanert i 2021, og det er ført opp kr. 300.000 til dette. Det er forslag om nye kontorlokal til Kyrkleleg Fellesråd gjennom å legge til rette for fleire kontor i Nedregt. 50 og 54. Sjå også *prosjekt 2039 Ombygging kommunehuset*.

Prosjekt 3217 Utbetring Kvikne kyrkje.

For utbedring av setningsskader er det ført opp 2 mill. kr. i 2021.

Prosjekt 5059 Utbetring Sødorp kyrkje.

Det er ført opp 2 mill. kr. i 2019 til å skifte tak/delar av taket på kyrkja I tillegg kjem oppregulering av ubrukta midlar frå 2018, som vart nedregulert i kommunestyret 11.12.2018, KS-sak 103/17 (0,3 mill. kr.).

Delansvar 149 Kommunale bygg og eigedommar

Prosjekt 2005 Utbetring kommunale eigedommar.

Til diverse rehabilitering og bygningsmessige endringer ved skoler og barnehager er det ført opp kr. 380.000 i 2019, kr. 150.000 i 2020 og kr. 200.000 årleg i 2021 og 2022. I tillegg kjem oppregulering av ubrukta midlar frå 2018, som vart nedregulert i kommunestyret 11.12.2018, KS-sak 103/17 (1,3 mill. kr.).

Prosjekt 2039 Ombygging kommunehuset.

Det er ført opp 15 mill. kr. i 2019 til ombygging/tilrettelegging av kontorlokaler for det nye interkommunale NAV Midt-Gudbrandsdal. I tillegg er det sett av 2,5 mill. kr. i 2021 for vidare tilrettelegging av kontorplassar i kommunehuset

Prosjektet må også sjåast saman med *prosjekt 2084 Riving Høgtun*.

Prosjekt 2052 ENØK-tiltak.

Det er ikkje ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukta midlar frå 2018 (2 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Prosjekt 2068 Låsesystem.

For å få eit betre låsesystem på dei viktigaste kommunale bygga er det ført opp kr. 100.000 i årleg i planperioden.

Prosjekt 2070 Kjøp av maskiner.

Til utskifting av ulike maskiner/utstyr knytt til kommunale bygg/eigedommar er det ført opp kr. 100.000 årleg i planperioden.

Prosjekt 2073 Kommunehus, nødlys.

For utviding av nødys og brannalarmanlegget på kommunehuset er det ført sett av kr. 300.000 i 2020.

Prosjekt 2081 Utbetring etter tilsyn.

Til utbetring etter tilsyn, mellom anna knytt til funn av radon i fleire bygg, er det lagt inn kr. 200.000 årleg i planperioden. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2018, som vart nedregulert i kommunestyret 11.12.2018, KS-sak 103/17 (0,48 mill. kr.).

Prosjekt 2096 Støttemur / parkering kommunehuset.

Det er ført opp 1 mill. kr. årleg i 2019 og 2020 til utbetring av støttemur mellom øvre parkeringsplass på kommunehuset og E6, samt betre tilrettelegging for straum til El-bilar.

Prosjekt 3207 Fiberutbygging.

For tilrettelegging for fiber ved fleire kommunale bygg, m.a. Jobbservice/NOA og Ruste barnehage, er det lagt inn 0,8 mill. kr. i 2019, 0,9 mill. kr. i 2020 og kr. 300.000 årleg i 2021 og 2022.

Prosjekt 3218 Miljøfyrtårn.

I samband med Miljøsertifisering er det lagt inn kr. 250.000 i 2019 for tilrettelegging av avfallsortering/stasjonar på kommunehuset

Prosjekt 4010 Større vedlikehald Sødorp skole.

Det er ført opp kr. 200.000 i 2021 til himling og personaltoalett på SFO-avdelinga samt ny kjøkkeninnreiing ved personalavdelinga.

Prosjekt 4013 Tilbygg Vinstra ungdomsskole.

Til ombygging av kantina for tilrettelegging av matservering er det ført opp kr. 500.000 i 2019.

Prosjekt 4025 Vedlikehald Kvam skole.

Det er ført opp kr. 450.000 i 2022 til nytt kjøkken på SFO-avdelinga samt oppgradering av grupperom og personalrom.

Prosjekt 4031 Riving gml.tanklinikk/Toksevegen 27.

For riving av den gamle tannklinikken ved Vinstra ungdomsskole og tilrettelegging for meir parkering/betre trafikkavvikling er det ført opp kr. 800.000 i 2020. Sjå også prosjekt 4037 Uteanlegg Sødorp skole.

Prosjekt 4037 Uteanlegg Sødorp skole.

For tilrettelegging av fleire parkeringsplassar rundt Sødorp skole og Vinstra ungdomsskole er det ført opp kr. 100.000 i 2021. Sjå også prosjekt 4031 Riving gml.tannklinik/Toksevegen 27.

Prosjekt 4046 Barhaug skole, ombygging.

Det er ført opp kr. 250.000 i 2019 for ombygging av toalettanlegget ved Barhaug skole.

Prosjekt 4047 Ruste barnehage.

For sluttføring av eige rom der barnevogn kan plasserast medan barna sov er det ført opp kr. 250.000 i 2019. Vidare er det ført opp 0,5 mill. kr. i 2021 for å skifte ut varmeveksler samt utbetre gammelt rørropplegg.

I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2018, som vart nedregulert i kommunestyret 11.12.2018, KS-sak 103/17 (0,25 mill. kr.). Dette er knytt til tilrettelegging for eige rom med god utlufting, slik at barnevogn kan plasserast der medan barna sov.

Prosjekt 4061 Universell utforming, Vinstra Ungdomsskole.

Det er ført opp 1 mill. kr. i 2019 for å tilrettelegge for elevar med særskilde behov. Dette inkluderer m.a. stellerom med takheis, stellebord og skifte av dører.

Prosjekt 4073 Aggregat datarom VUS.

Det er ført opp kr. 200.000 i 2020 til utskifting av aggregat i datarom.

Prosjekt 5055 Byutvikling Vinstra

Prosjekta 5055 Campus Vinstra TIP og prosjekt 5060 Campus Vinstra – Helsestasjon er frå 2019 samla på prosjekt 5055 – med tittel Byutvikling Vinstra.

Det er ført opp til saman 34 mill. kr. fordelt på åra 2020, 2021 og 2022 til prosjektet.

I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar frå 2018, som vart nedregulert i kommunestyret 11.12.2018, KS-sak 103/17 (8,28 mill. kr.). Nedregulert midlar på prosjekt 6002 Vinstra helsesenter (0,4 mill. kr.) vil også bli regulert opp på dette prosjektet i 2019.

Det vart i KS-sak 118/18 gjort slik tekstvedtek knytt til prosjektet:

Prosjekt 5055 (Campus Vinstra-TIP) og prosjekt 5060 (Campus Vinstra-helsestasjon) slås sammen til nytt prosjekt "Byutvikling Vinstra":

I perioden 2019-2022 settes det av 42 millioner kroner til å følge opp samfunnsdelens prioriteringer på Vinstra og prosjekt Vinstra 2046. Målet er å styrke Vinstra som et attraktivt midtpunkt i Gudbrandsdalen. Midlene skal brukes til å følge opp satsinger som omsorgsleiligheter, møteplasser i sentrum, lekeplass, grøntareal, gang- og sykkelveger, bygging helsestasjon og andre tiltak som kan bidra til å skape et levende og attraktivt sentrum.

Prosjekt 6004 Større vedlikehald Trygdebustader.

Til større vedlikehald av trygdebustader er det ført opp 0,5 mill. kr. årleg i 2020, 2021 og 2022.

Prosjekt 6008 Større vedlikehald Sundheim.

Til vedlikehald av gjenverande bygningsmasse er det ført opp kr. 300.000 årleg i 2019 og 2021 og kr. 150.000 årleg i 2020 og 2022.

Prosjekt 6031 Tilbygg Sundheim.

Det er ikke ført opp nye midlar til prosjektet i planperioden, men ubrukte midlar fra 2018 (6 mill. kr.) vil bli oppregulert/rebudsjettert i 2019 jf. KS-sak 103/18 .

Prosjekt 6042 Påkostning TFF.

Til mellom anna ombygging av kontor, vindu og isolering ved TFF er det ført opp 2 mill. kr. i 2019. I tillegg kjem oppregulering av ubrukte midlar fra 2018, som vart nedregulert i kommunestyret 11.12.2018, KS-sak 103/17 (0,55 mill. kr.).

Prosjekt 6044 Omsorgsbustader.

For oppstart av bygging av ny bustad for TFF er der ført opp 1 mill. kr. i 2022. Det vil i tillegg komme kostnader utenom planperioden.

3.3 Kulturbrygg

Ansvar 272 Kulturbrygg

Prosjekt 5066 Tak Vinstrahallen.

Til skifting/utbetring av taket ved Vinstrahallen er det ført opp 1 mill kr. i 2022. Prosjektet kan også sjåast saman med arealutnytting knytt til *Prosjekt 5055 Campus Vinstra TIP og prosjekt 5060 Campus Vinstra – Helsestasjon.*

Prosjekt 5067 Universell utforming Vinstrahallen.

For tilpasning til universell utforming ved Vinstrahallen er det sett av kr. 350.000 i 2021.

Prosjekt 5068 Universell utforming Kvam Triselsbad.

For tilpasning til universell utforming ved Kvam trivselsbad er det sett av kr. 800.000 i 2021.

3.4 Andre investeringsutgifter

Prosjekt 7014 Eigenkapitalinnskott KLP.

Det er budsjettert med 1,55 mill. kr. i eigenkapitalinnskott til KLP for alle åra i planperioden.

4. KOMMENTARAR TIL DRIFTSBUDSJETTET

I dette kapittelet er det trekt ut nokre av dei viktigaste endringane i driftsbudsjettet.

4.0 Innleiing

Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter for budsjett- og økonomiplan 2019-22 viser følgjande tal: **2019:** 0,6 %, **2020:** -1,0 %, **2021:** 0,1 % og **2022:** 0,0 %.

Tilknytingsavgifter (inntekter), renter og avdrag (utgifter) for vann- og avløp Furusjøen og verkar inn på resultatet. Korrigert for dette er driftsresultata slik:

2019: -1,6 %, **2020:** -0,1 %, **2021:** 0,9 % og **2022:** 0,8 %.

- Det er budsettert med utbytte frå Gudbrandsdal Energi AS og Eidsiva Energi AS på 7,559 mill. kr. i 2019.
- Netto inntekt ved sal av konsesjonskraft er auka med om lag 1,7 mill. kr. frå 2018 (6,6 mill. kr. i 2018 til 8,3 mill. kr. i 2019). Dette er basert på stipulerte priser i marknaden.
- Eigedomsskatten frå kraftverk er redusert med 1,1 mill. kr. frå 2018 til 2019.
- Pensjonspremie KLP er lagt inn med 17,5 % for alle åra i planperioden (17,5 % i 2018).
- Det er lagt inn generell prisauke på inntekter og utgifter på 1,5 %.
- Der er lagt inn fleire omstillingsskattar. Desse er lista opp i eigen tabell under.
- Tilskot til ulike interkommunale ordningar er lagt inn i tråd med vedtak i representantskapet for ordningane 24.10.2018. Dette gjeld også dei nye samarbeidsordningane innan barnevern, flyktingteneste og NAV.
- Til større vedlikehald på avlaupsnettet er det totalt ført opp 5,4 mill. kr. i 2019. Dette omhandlar m.a. arbeid med å redusere innlekkning, og det er finansiert gjennom bruk av sjølvkostfond på kloakk(avløp. Knytt til dette er det også ført opp meirkostnader på ledningsnett for vatn i perioden med tilsvarande bruk av sjølvkostfond.
- I samband med utbygging av vatn(avløp ved Furusjøen er det lagt inn inntekt gjennom tilknytingsavgift i 2019, 2020 og 2021. Avgifta er avstemt mot kapitalkostnader og sett av til fond. Det er ført opp noko inntekt gjennom kommunale avgifter som følgje av prosjektet frå 2019 og vidare i planperioden.
- For avgift knytt til kommunaltekniske tenester er det slike avgiftsendringar frå 2018 til 2019:
 - Uendra fast- og forbruksavgift på kloakk.
 - Auka fast- og forbruksavgift på vatn med 1,5 %.
 - Redusert avgift på septiktømming med 15 %.
 - Uendra avgift på renovasjon.
 - Uendra avgift på feiing.
- Det er ikkje lagt inn auke i eiedomsskatt for bustadar, hytter og næringseigedom.
- Driftskostnader ved Campus Vinstra (jf. også investeringsbudsjettet) er lagt inn med kr. 300.000 frå 2020.

- Tilskot til ikkje-kommunale (private) barnehagar er budsjettert med 11,1 mill. kr. årleg. (10 mill. kr. i budsjett 2018).
- Eigenbetaling for barnehageplass er auka i tråd med makssatsar i Statsbudsjett.
- Vaksenopplæring for flyktningar skal frå 1.1.19 organiserast som del av Vinstra ungdomsskole. I samband med dette er det tilført auka leiingsressurs tilsvarande 20 %.
- Det er lagt opp til å ta i mot inntil 10 flyktningar årleg dei 4 neste åra, dette er i tråd med anmodning frå IMDI (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet). Introduksjonsstønad, integreringstilskot og persontilskot er lagt inn i tråd med dette. Det blir lagt fram sak for kommunestyret som omhandlar mottak av flyktningar i 2019.
- Utgifter til legevakt og legevaktvarsling er lagt inn i tråd med anslag frå vertskommunen. Tilskott til KAD/øyeblikkeleg hjelp er redusert noko frå 2020 og tatt ut frå 2021 med tanke på å avslutte avtala.
- Det er lagt inn ei styrking av Institusjonsomsorg knytt til ressurskrevjande teneste/skjerma einig, jf. også AUV-sak 25/18. Styrkinga er på 1 mill. kr. i 2019 og 2020. Frå 2021 er den redusert til kr. 500.000 årleg.
- Tenester for funksjonshemma er styrka med om lag 1,3 mill. kr. årleg knytt til oppfølging av ressurskrevjande teneste, jf. AUV-sak 25/18. Auken er forventa delvis finansiert (kr. 600.000) gjennom statleg tilskott for ressurskrevjande tenester. Refusjonen er budsjettert på ansvar 807.
- Det er lagt inn ei styrking på kr. 385.000 årleg til VTA-plassar (varig tilrettelagt arbeid). Tiltaket er lagt under Tenester for funksjonshemma.
- Det er lagt inn noko kompensasjon for auka tariff-festa tillegg (kveld, helg) innan pleie og omsorg. Samla auke er kr. 500.000 årleg fordelt på Heimetenester, Institusjon og Tenester for funksjonshemma.
- Ved Heimetenester og Institusjon er det lagt inn auka driftskostnader på til saman kr. 160.000 årleg knytt til sjukesignalanlegg.

Reduksjonar i planperioden (tal i tusen):

Område (ansvar i parentes)	2019	2020	2021	2022
Endra organisering og leiarstruktur (120)	-950	-3 300	-5 400	-5 400
Assistentressurs skoler (120)		-250	-500	-500
Ressurs til mottaksklasse (117)	-300	-300	-300	-300
Stillingar innan Stab (121)	-700	-700	-1 300	-1 300
Tildelingskontor (130)**	-560	-560	-560	-560
Teknisk drift – omstrukturering/effektivisering (140)	-500	-1000	-1000	-1000
Areal og næring - omstrukturering/effektivisering (160)	-320	-320	-320	-320
Skoler – kutt i rammetimetal (230-236)	-340	-700	-700	-700
Nedlegging av ungdomstrinn i Skåbu (235 og 236)	-420	-1 100	-1 100	-1 100
Kultur – omstrukturering/effektivisering (270)			-650	-650
Kultur/Stab – samordning bibliotek/servicetorg (120)		-150	-150	-150
Kantine kommunehuset (365)	-250	-500	-500	-500
Reduserte kostnader Kontrollutvalet (111)	-100	-100	-100	-100
Tilskott til Kyrkjelag fellesråd (113)	-100	-100	-100	-100
Felles: Kostnader til seniortiltak tatt ut (125)	-100	-100	-100	-100
Kostnader til tiltaksarbeid redusert (160)	-100	-100	-100	-100
Kostnader til undervisningsmateriell redusert (230-236)	-500	-500	-500	-500
Tatt ut kostnader til skolemat barneskole (230-235)	-630	-630	-630	-630
Redusert kostnader til skolemat (236)	-300	-300	-300	-300
Redusert kosnad til leasing Ipad, elevtalnedgang (230-236)				-200
Redusert ulike tilskott til kultur/idrett (270)	-250	-250	-250	-250
Avslutte avtale om KAD/ø.hjelp Lhmr. (330)		-400	-500	-500
Reduserte innkjøpskostnader (alle VO)*	-100	-500	-500	-500
Reduserte porto og annonsekostnader (fleire VO)	-120	-120	-120	-120
Reduserte kostnader interkommunale ordningar (120)		-500	-1000	-1000
SUM	-6 640	-12 480	-16 880	-16 880

*Reduksjonen er fordelt likt på verksemdsområder med kr. 8 000 i 2019 og deretter kr. 38 000 årleg i planperioden.

**Kommunestyret har i KS-sak 118/18 gjort slikt tekstvedtak «Kommunestyret viser til tidligere vedtak om tildelingskontor og ber administrasjonen finne rom for en slik ordning innenfor eksisterende rammer».

Det er oppretta eit eige ansvar, *120 Omstilling*, der alle reduksjonar som ikkje er definert til eit konkret verksemdsområde er plassert inntil vidare. Ansvaret ligg under Rådmannsleiing. Det er også ein eigen funksjon (*1207 Effektivisering organisasjon*) som er brukt til plassering av reduksjonar som ikkje er definert til ein konkret funksjon enda. Denne er brukt både for ansvar 120, og for andre områder/ansvar. Alle konkrete tiltak er redusert på ramma til det området det gjeld.

Når det gjeld ansvar *111 Politisk verksemd* ligg innsparingskravet inne som i førre økonomiplan for dei tre siste åra i planperioden, dvs. kr. 900.000 årleg. I 2019 er

ansvarsområdet redusert med kr. 125.000 (var kr. 600.000 i førre økonomoplan). Reduksjonen er fordelt skjønnsmessig på ulike artar under funksjon 1001. Det blir vist til KS-sak 108/18.

Reduksjon i stillingsressursar (ca. tal jf. i oversikta på side 33):

Område	2019	Vidare i planperioden
Organisering og leiarstruktur:	2 årsverk med halvårseffekt i 2019.	Auka til 3,5 i 2020, 5 årsverk frå 2020 og til 6,5 årsverk frå 2021
Assistentressurs:		1 årsverk med halvårseffekt frå 2020
Mottaksklasse.	0,5 årsverk frå 2019.	
Stab:	1 årsverk frå 2019 (står vakant pr. i dag / stillingsbank).	Totalt 2 årsverk frå 2021.
Tildelingskontor*:	1 årsverk frå 2019 (står vakant pr. i dag / stillingsbank).	
Teknisk drift:	1 årsverk frå 2019.	Totalt 2 årsverk frå 2020.
Areal næring	0,4 årsverk frå 2019.	
Skoler:	Tilsvarar om lag 1 årsverk til saman med halvårsvirkning frå 2019.	
Kultur		1 årsverk frå 2021.
Bibliotek/servicetorg		Om lag 0,25 årsverk frå 2020.
Kantine kommunehuset:	1 årsverk med halvårsvirkning frå 2019.	

*Kommunestyret har i KS-sak 118/18 gjort slikt tekstvedtak «Kommunestyret viser til tidligere vedtak om tildelingskontor og ber administrasjonen finne rom for en slik ordning innenfor eksisterende rammer».

I tillegg kjem konsekvensar ved nedlegging av ungdomstrinn i Skåbu frå 1.8.2019 (reduksjon Skåbu, auke VUS).

Auke i stillingsressursar og organisatoriske justeringar endringar:

- Auka bemanning tilsvarende om lag 1,4 årsverk ved Institusjon knytt til ressurskrevjande tenester/skjerma eining, jf. også AUV-sak 25/18.
- Auka bemanning tilsvarende om lag 2 årsverk knytt til ressurskrevjande teneste ved Tenester for funksjonshemma, jf. også AUV-sak 25/18.
- Auka bemanning tilsvarende 0,2 årsverk ved Vinstra ungdomsskole knytt til leiarressurs for oppfølging av vaksenopplæring for flyktningar.

Som følgje av at det frå 1.1.19 er tre nye interkommunale selskap er det endringar knytt til områda Kultur og Forebyggande helsetenester. Desse er omtalt under kapittelet for det enkelte område.

Prosjektstillingar som ligg inne i planperioden:

- 100 % prosjektstilling for Vinstra 2046 / breiband ut 2019.
- 100 % prosjektstilling for digitalisering ut 2019.

Prosjektstilling i regi av Regionrådet for Midt-Gudbrandsdal ligg inne i tråd med prosjektavgrensinga, og gjeld prosjektmedarbeidar innan Gudbrandsdalsvegen.

Politiske vedtak for oppfølging i budsjettarbeidet 2019-2022:

Det er gjennom 2018 gjort politiske vedtak som har konsekvens for budsjett- og økonomiplan 2019 – 2022.

Følgjande er innarbeidd i budsjettet:

- Tilskott til Midt-Gudbrandsdal Næringsforening med kr. 100.000 kr for 2019 (FS 71/18).
- Styrking av Institusjon, ressurskrevjande tenester jf. AUV-sak 25/18.
- Styrking av Tenester for funksjonshemma, ressurskrevjande tenester jf. AUV-sak 25/18.

Tekstvedtak KS-sak 118/18:

Det vart gjort slike tekstvedtak i samband med budsjettet, KS-sak 118/18:

Sjukefravær:

Kommunestyret viser til notat av 19.9.2018 «omstilling sjukefravær» og ber administrasjonen jobbe for å redusere sjukefraværet med minimum 2 % i løpet av 2019.

Boligbygging:

Kommunestyret ønsker å stimulere til økt boligbygging.

Administrasjonen legger fram en sak for kommunestyret med forslag om et prissystem på tomter som ikke virker konkurransevridende overfor private aktører.

Tildelingskontor:

Kommunestyret viser til tidligere vedtak om tildelingskontor og ber administrasjonen finne rom for en slik ordning innenfor eksisterende rammer.

IKT:

IKT og digitalisering blir en stadig viktigere del av kommunens drift. Det stiller også store krav til kommunens IT løsninger. Innen 1.6.2019 skal det legges fram en sak som skisserer hvordan kommunen på best mulig kan sikre en framtidsretta og mest mulig kostnadseffektiv IKT løsning.

Byutvikling Vinstra:

Prosjekt 5055 (Campus Vinstra-TIP) og prosjekt 5060 (Campus Vinstra-helsestasjon) slås sammen til nytt prosjekt "Byutvikling Vinstra":

I perioden 2019-2022 settes det av 42 millioner kroner til å følge opp samfunnsdelens prioriteringer på Vinstra og prosjekt Vinstra 2046. Målet er å styrke Vinstra som et attraktivt midtpunkt i Gudbrandsdalen. Midlene skal brukes til å følge opp satsinger som omsorgsleiligheter, møteplasser i sentrum, lekeplass, grøntareal, gang- og sykkelveger, bygging helsestasjon og andre tiltak som kan bidra til å skape et levende og attraktivt sentrum.

Pensjonspremie:

Pensjonspremie til Kommunal Landspensjonskasse (KLP) har dei siste åra vorte vesentleg lågare enn det budsjettprognosa frå KLP har lagt til grunn. Kommunen har så langt brukt prognosa frå KLP, men med bakgrunn i erfaringane dei siste åra er det i budsjettet lagt inn eit lågare anslag på premien enn det KLP legg til grunn i prognosa.

KLP har estimert ei samla premie-prognose på 18,9 %, medan det i budsjettet er lagt inn 17,5 %. Det er hovedsakleg lagt til grunn meir tilbakeføring frå premiefond (reduserer premien).

Ut frå sentrale krav til føring av premien er tilbakeføring frå premiefondet frå KLP ført på eigen funksjon i budsjettet, og denne er ført på eige ansvar (806) i kommunens budsjett. Dette gjer at pensjonspremien på det enkelte verksemråde (VO) er høgare enn den reelle. Budsjettet premie på VO er 19,5 %. Tilbakeføring frå premiefondet utgjer i budsjettet om lag 2 %, slik at «reell» premie er 17,5 %.

Pensjonspremie til Statens Pensjonskasse (SPK) er lagt inn i tråd med prognosa frå SPK, og er på 10,66 %.

4.1 Politisk verksemd

Delansvar 111 Politisk verksemd

	2018	2019	Endr. i kr.	Endr. i %
Utgift	10 842	11 527	685	6,4 %
Inntekt	-66	-66	-	0,0 %
Netto	10 776	11 461	685	6,4 %

Politisk verksemd omfatter ansvarsområde 111 og 113.

Funksjon 1001 Politiske organ

Her ligg utgifter til ordførar / varaordførar og politiske organ.

Frå og med 1.1.2018 blir ordføraren si godtgjersle fastsett til 93 % av Stortingsrepresentantanes faste godtgjersle jf. vedtak i kommunestyret 22.2.18 KS-sak 21/18. Godtgjersla blir regulert årleg med verknad frå 1.1, der Stortingsrepresentantanes godtgjersle pr. 1.5 året før blir lagt til grunn. Satsen er pr. 1.5.18 kr. 956 463 og lønn pr. 1.1.19 (93 %) er kr. 889.511.

Det er budsjettet med kr. 149.000 årleg til tilleggsløyvingar for formannskapet og kr. 56.000 årleg for kommunestyret. Det er budsjettet med kr. 56.000 til tilleggsløyving, disponibelt for ordføraren.

Det vart i KS-sak 108/18 gjort vedtak om innsparing i planperioden knytt til ansvar 111 Politisk verksemd slik: Kr. 125 000 i 2019 og kr. 900.000 årleg dei tre siste åra i planperioden. Reduksjonen er fordelt skjønnsmessig på ulike artar under funksjon 1001.

Funksjon 1002 Partistøtte

Partistøtta er ført vidare på dagens nivå.

Funksjon 1003 Val

Det er lagt inn utgifter til kommuneval i 2019 og stortingsval i 2021.

Funksjon 1004 Kontrollutval/revisjon

Frå kontrollutval og revisjon var det forslag på til saman 1,130 mill. kr. i 2019.

I budsjettet er det lagt inn eit innsparingskrav på kr. 100.000, slik at det ligg inne 1,030 mill. kr. til kontrollutval/revisjon. Sjå detaljar i tabell. Sak frå kontrollutvalet med budsjettinnspele låg ved budsjetsaka da den var til behandling i kommunestyret.

	2018 Budsjett	2019 Forslag fra KU	2019 Vedtak KS
Kontrollutvalgskostnader/abonnement	2	3	3
Kontrollutvalgskostnader/servering	8	8	8
Kontrollutvalgskostnader/Uforutsett	7	10	10
Effektivisering			-100
Kontrollutvalgskostnader/Kurs	35	26	26
Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll*	306	300	300
Revisjon inkl. attestasjon og møter	629	623	623
Sekretariat	160	160	160
SUM	1 147	1 130	1 030

*Selskapskontroll utgjer kr. 200.000.

Funksjon 1005 Råd for funksjonshemma og 1006 Trafikksikkerhetsutvalget
Det er sett av kr. 22.000 årleg for kvart av desse utvala.

Funksjon 1804 Eldrerådet

Det er budsjettert med kr. 26.000 årleg til eldrerådet.

Funksjon 3276 Marknadsføring/arrangement

Det er avsett kr. 314.000 årleg til eigen løyvingskonto for Formannskapet til ulike arrangement/arrangementstøtte.

Delansvar 113 Kyrkjeleg fellesråd.

Tabellen viser tilskott som NFK løyer til Nord-Fron kyrkjelege fellesråd (KFR) (tal i 1000):

	R-2017	B-2018	B-2019
Søknad frå KFR		6.266	6.420
Tilskott	5.981	6.051	6.121

I vedteke budsjett er det lagt til grunn påslag berekna etter «kommunal deflator» på 2,8% samt eit innsparingskrav på kr. 100.000.

4.2 Rådmannsleiing

	2018*	2019	Endr. i kr.	Endr. i %
Utgift	28 956	30 789	1 833	6,3 %
Inntekt	-7 460	- 7 352	108	-1,4 %
Netto	21 496	23 437	1 941	9,0 %

Rådmannsleiing omfatter ansvarsområde 115, 116, 117, 118, 119 og 120.

*I 2018 vart innsparings/effektiviseringskrav i all hovudsak ført opp under eit av ansvara som er plassert under Rådmannsleiing. I 2019 og vidare i planperioden er innsparingane konkretisert og fordelt på dei relevante områda, bortsett frå det som ligg att på ansvar 120.

Delansvar 115 Rådmannsleiing.

Funksjon 1201 Administrasjon.

Administrasjonssjef og kommunalsjefar (4 stk.) med tilhørande utgifter er budsjettert under denne funksjonen. Det er lagt inn kr. 60.000 til tilleggsløyving disponibelt for adm.sjefen.

Funksjon 3252 PG AS

I budsjettet ligg det inne ei vidareføring av tilskott til Peer Gynt-stemnet med kr. 700.000 kvart år i planperioden, jf. KS-sak 104/18.

Funksjon 3271 Visit Lillehammer

Tilskot til Visit Lillehammer er ført opp med kr. 235.000.

Funksjon 3276 Marknadsføring/arrangement

I budsjettet er det sett av kr. 200.000 årleg til gjennomføring av Byfest.

Funksjon 3392 Kommunalt kristeteam

Tillegg til medlemmer i kommunalt kriseteam er lagt inn på denne funksjonen med til saman kr. 113.000 årleg.

Funksjon 3393 Beredskapstilak

Det er lagt inn kr. 35.000 årleg til beredskap/Røde Kors (støtte til lag/organisasjonar).

Delansvar 116 Regionalt samarbeid

Midlar knytt til regionalt samarbeid for Midt-Gudbrandsdalen er ført under dette ansvaret. I budsjettet er det lagt til grunn vidareføring av dagens nivå, og at Oppland fylkeskommune fører vidare partnerskapsavtalen med Regionrådet for Midt-Gudbrandsdalen på line med gjeldande avtale for alle åra i planperioden.

Funksjon 3268 Regionrådet MGD-sekretariat

Regionrådet, som består av dei tre kommunane i Midt-Gudbrandsdalen og Oppland fylkeskommune, kjøper sekretærtenester tilsvarande 100 % stilling frå NFK.

Funksjon 3270 Regionrådet MGD-prosjekt

Her ligg det partnerskapsmidlar til regionrådet, årleg 3,5 mill. kr. Dette er fordelt med 2,5 mill. kr. frå OFK og kr. 333.000 frå kvar av MGD kommunane. Her ligg løn til prosjektmedarbeidar som vart tilsett i 2016 knytt til prosjekt Gudbrandsdalsvegen. Prosjektstillinga går ut august 2019.

Funksjon 3278 Løn leiar regionrådet i MGD

Det er budsjettert med kr. 60.000 og arbeidsgivaravgift for godt gjøring til leiar av regionrådet. Dette blir dekt av dei 3 kommunane i regionen.

Delansvars 117 Fellesutgifter oppvekst

Under dette ansvaret er det samla fellesutgifter og inntekter for skole og barnehage som det ikkje er naturleg å føre på den enkelte barnehage/skole.

Funksjon 2011 Barnehage

Utgifter til vidareutdanning og kompetanseheving for tilsette i barnehagen ligg her. Til generell kompetanseheving er det lagt inn kr. 100.000 årleg for å følgje opp utviklingsarbeidet i barnehagane.

Her ligg også statleg tilskott for å betre språkforståing hos minoritetsspråklege barn i førskolealder.

Funksjon 2012 Private barnehagar

Det er lagt inn 11,1 mill. kr. årleg i planperioden for tilskot til ikkje-kommunale barnehager, jf. KS-sak 110/18. I 2018 var det budsjettert med eit tilskot på 10 mill. kr. På konto 1470 ligg refusjon til ikkje-kommunale barnehagar for søskenmoderasjon.

Funksjon 2021 Grunnskole

Kostnader til vidareutdanning for 3 lærarar, og refusjon frå staten til dette, er ført her. Det er i tillegg lagt inn midlar til frikjøp av Vurdering for læring og Ungdomsskolesatsinga i lesing. Kostnaden blir refundert frå staten. Det er lagt inn tilskott til regionale stilling (YOU-koordinator/karriereveileder) ved Karrieresenteret Opus Midt-Gudbrandsdal. Her ligg også betaling til andre kommunar for fosterheimspllasserte elevar.

Funksjon 2022 Mottaksklasse flykningar

Det er ikkje sett av eigen ressurs til mottaksklasse for flyktningar i planperioden.

Funksjon 2024 Logoped – interkommunalt samarbeid

Nord-Fron og Sør-Fron kommune kjøper logopedtenester frå MGPP i 100 % stilling. Nord-Fron dekker 60% av kostnadene og dette ligg inne med kr. 592.000 i 2019, som er i tråd med vedtak i representantskapsmøte for interkommunale ordningar 24.10.18.

Funksjon 2025 og 2112 MGPP – tilskot til skole og barnehage

Her er utgiftene til PP-tenesta fordelt mellom skole (80 %) og barnehage (20 %). Samla tilskott frå Nord-Fron er 2,5 mill. kr. i 2019, jf. vedtak i representantskapsmøte 24.10.18.

Funksjon 2131 Vaksenopplæring

Funksjonen dekker utgifter til undervisning av vaksne på grunnskolenivå og til opplæring for vaksne med særskilde behov for opplæring/opptrening etter sjukdom/skade.

Til vaksenopplæring til vaksne som har rett på opplæring p.g.a. funksjonshemming er det budsjettet med kr. 88.000 årleg i planperioden.

Funksjon 2151 Skolefritidstilbod

Her ligg kostnader til sommar-SFO i 4 veker av sommarferien. Det er sommar-SFO i Skåbu og Kvam samt samla tilbod for Vinstraområdet. Tilboden blir gjennomført når det er meldt på meir enn 5 barn. Det er budsjettet med netto utgift på kr. 106.000 kvart år i planperioden.

Funksjon 2221 Skolelokale og skyss

Her ligg utgifter til skyss for grunnskoleelevar som får opplæring i anna kommune (Montesorri Venabygd).

Delansvar 118 Fellesutgifter pleie/omsorg

Under dette ansvaret er det samla fellesutgifter og inntekter innan pleie/omsorg som det ikkje er naturleg å føre på den enkelte verksemdsområdet.

Funksjon 2537 Korttidsopphald/rehabilitering.

Det er ikkje ført opp midlar til betaling for utskrivingsklare pasientar (betaling til sjukehuset). Dette er gjort med bakgrunn i at kommunen fram til no ikkje har hatt slike utgifter.

Funksjon 2566 Velferdsteknologi.

Utgifter til 100 % prosjektstilling knytt til digitalisering ut 2019 er ført på denne funksjonen. Stillinga er delvis finansiert med statleg tilskott, slik at netto kostnad i budsjettet er kr. 358.000.

Delansvar 120 Omstilling

Funksjon 1207 Effektivisering organisasjon

Alle reduksjonar som ikkje er definert til eit konkret verksemdsområde er ført opp her inntil vidare. Konkret gjeld dette innsparingar slik:

	2019	2020	2021	2022
Endra organisering og leiarstruktur	-950	-3 300	-5 400	-5 400
Assistentressurs skoler		-250	-500	-500
Kultur/Stab – samordning bibliotek/servicetorg		-150	-150	-150
Reduserte kostnader interkommunale ordningar		-500	-1000	-1000
SUM	-950	-4 200	-7 050	-7 050

4.3 Stab

	2018	2019	Endr. i kr.	Endr. i %
Utgift	28 806	28 223	-583	-2,0 %
Inntekt	-4 199	-4 018	181	-4,3 %
Netto	24 607	24 205	-402	-1,6 %

Stab omfatter ansvarsområde 121, 125, 126 og 130.

Delansvar 121 Stab.

Funksjon 1201 Administrasjon.

Her er det budsjettert utgifter til stab/støtteeiningar og ulike fellesutgifter.

Det ligg inne ein reduksjon i stillingar slik: 1 stilling frå 2019 (denne er vakant/i stillingsbank pr. i dag), og ytterlegare ei stilling frå 2021. I tillegg er det frå 2020 ført over eit årsverk frå kultur. Dette er m.a. gjort med tanke på samordning av møtesekretariatfunksjonen.

Stab sin andel av innsparing knytt til innkjøp, som er likt fordelt på alle verksemderområda, ligg på eige Funksjon 1207 Effektivisering organisasjon.

Det vart i KS-sak 118/18 gjort slikt tekstdetak knytt til IKT:

IKT og digitalisering blir en stadig viktigere del av kommunens drift. Det stiller også store krav til kommunens IT løsninger. Innen 1.6.2019 skal det legges fram en sak som skisserer hvordan kommunen på best mulig kan sikre en framtidsretta og mest mulig kostnadseffektiv IKT løsning.

Funksjon 1206 Interkommunalt samarbeid - skatt og innfordring.

Nord-Fron kommune deltek i det interkommunale samarbeidet om felles innkreving av skatt og kommunale fordringar saman med Gausdal, Øyer og Lillehammer kommune. Det er budsjettert med 1,221 mill. kr. i årleg tilskott (1,24 mill. kr. i 2018).

Delansvar 125 Fellesutgifter.

Funksjon 1201 Administrasjon.

Felles administrasjonsutgifter og ulike felleskostnader for heile organisasjonen som t.d. porto, telefon, personforsikringar og ulike kontingentar er budsjettert på denne funksjonen.

Til AVEK (aktivitets- og velferdskomite) er det sett av kr. 170.000 årleg og for tilskott til bedriftshelsetenesta er det sett av kr. 349.000 pr. år.

Delar av vederlag for administrative kostnader knytt til interkommunale ordningar som kommunen er vertskommune for er også ført her.

Kontingent til LVK (Landssamanslutning for vassdragskommunar) er ført opp med kr. 115.000, og dette blir dekka frå kraftfond.

Det er lagt inn ein reduksjon på kr. 120.000 årleg når det gjeld kostnader til annonsering og porto.

Funksjon 1203 Tillitsvalde

Her ligg kostnader til løn for tillitsvalde med rett til frikjøp samt hovudverneombod. Til saman er det lagt inn 1,1 mill. kr. årleg til dette.

Funksjon 1214 Verneombud

Budsjett for frikjøp av hovedverneombod er fra 2019 ført på denne funksjonen (dette låg tidlegare under *funksjon 1203 Tillitsvalde*).

Funksjon 1208 IKT-fellesutgifter

Midlar til lisenskostnader og ulike driftsavtaler til ulike driftsavtaler knytt til IKT-fagsystem som Acos og Visma er ført her.

Funksjon 1809 Seniortiltak

Det ligg ikkje inne midlar til seniortiltak fra 2019 (var budsjettet med kr. 100 000 i 2018).

Funksjon 2026 Fellesutgifter IKT-grunnskole og 2016 Fellesutgifter IKT-barnehage

Her er det budsjettet med utgifter til diverse vedlikehaldsavtaler for programvare innafor skole og barnehage. Eit av årsverka knytt til IKT i kommunen er også budsjettet på denne funksjonen.

Delansvar 126 Lærlingar

Det vil pr. januar 2019 vera 6 lærlingar i kommunen og det er i tråd med vedtak om lærlingeplassar i kommunen.

Kommunen har inngått avtale med opplæringskontor i Nord-Gudbrandsdal innan kokkefag.

Delansvar 130 Stab Sundheim

Funksjon 2538 og 2548 Stab Sundheim, Institusjon og Heimetenester.

Det er lagt opp til ei vidareføring av dagens driftsnivå.

Funksjon 2348 Tildelingskontor.

Det er lagt inn reduksjon tilsvarende 100% stilling knytt til funksjonen fra 2019, og det er difor ikkje ført opp midlar på funksjonen. Stillinga er vakant / i stillingsbank pr. i dag.

Det vart i kommunestyret 11.12.18 gjort slikt tekstvedtak:

«*Tildelingskontor*

Kommunestyret viser til tidligere vedtak om tildelingskontor og ber administrasjonen finne rom for en slik ordning innenfor eksisterende rammer.»

4.4 Teknisk drift (TD)

	2018	2019	Endr. i kr.	Endr. i %
Utgift	87 386	97 063	9 677	11,1 %
Inntekt	-60 956	-69 922	-8 966	14,7 %
Netto	26 430	27 142	712	2,7 %

Teknisk drift omfatter ansvarsområde 140,144,145,148 og 149.

Teknisk drift vart i 2018 splitta opp området i flere delansvarsområder. Dette vart gjort for å få ei innretning som gjer det enklere å følgje opp driftsbudsjetten gjennom året.

Inndelinga er slik:

Delansvar 144 – Vatn, avløp, oppmåling

Delansvar 145 – Interkommunale selskap

Delansvar 148 – Utleigebygg

Delansvar 149 – Kommunale bygg og eigedommar

Delansvar 140 – Teknisk drift/øvrige områder.

Delansvar 140 Teknikk, næring og eigedom, 148 Utleigebygg og 149 Kommunale bygg og eigedommar

Lønn til reinhaldarar og vaktmesterar er ført under Teknisk drift, med unntak for personell knytt til kulturbygg. Kostnadene blir fordelt ut til dei ulike bygga, saman med andre driftskostnader som straum og vedlikehald. Fordeling av personell ut på bygg er ikkje lagt inn i budsjettet, men desse vil bli fordelt gjennom året. Fordelinga påverkar ikkje det samla budsjettet for Teknisk drift, men berre fordelinga mellom delansvara.

Satsen for husleige er frå 2018 regulert i tråd med konsumprisindeksen, jf. KS-sak 117/17.

Funksjon 1207 Effektivisering organisasjon.

Det ligg inne ein reduksjon på 1 årsverk frå 2019, og ytterlegare eit årsverk frå 2020.

Teknisk drift sin andel av innsparing knytt til innkjøp, som er likt fordelt på alle verksemdsområda, ligg også på denne funksjonen.

Funksjon 2428 NAV-lokaler

I samband med etablering av det nye interkommunale selskap NAV Midt-Gudbrandsdal er det lagt til rette for mellombelse lokaler i leigd areal. Kostnader til dette er ført på denne funksjonen, og blir refundert frå dei tre deltakarkommunane og NAV Stat.

Funksjon 3004 Eigedomsskatt.

Det er budsjettert med utgifter til 50 % stilling årleg for å halde registra og systemet ajour.

Funksjon 3103 Eigedomsforvaltning.

Eit årsverk på denne funksjonen blir fordelt til investering og dei enkelte prosjekta der, slik at netto kostnad knytt til årsverket i drift er null.

Funksjon 3111 Husleie etter flom/skred.

For å dekke husleie til private som følgje av skred er det lagt inn kr. 100.000 i 2019 og 2020, jf. FS-sak 93/18.

Funksjon 3331 Kommunale vegar.

Det er sett av 2,9 mill. kr. årleg til vedlikehald av kommunale vegar.

Funksjon 3351 Parkanlegg.

Driftsnivået er vidareført i planperioden.

Funksjon 3353 Flomsikringsanlegg.

Til vedlikehald av flomsikringsanlegg er det ført opp kr. 213.000 årleg.

Funksjon 3455 Furusjøen/ledn.nett vatn og 3535 Furusjøen/ledn.nett kloakk.

Her er det budsjettert med inntekt gjennom tilknytningsgebyr og årsavgift. Bruk/avsetning til eige driftsfond er avstemt mot kapitalkostnader i tråd med investeringane, jf. KS-sak 93/14 og KS-sak 59/17. Størstedelen av tilknytningsgebyr er lagt inn i 2019. Det er budsjettert med noko kommunale avgifter (inntekter) som følgje av prosjektet frå 2019.

Det blir også vist til kommentar under kap. 3 investeringar.

Delansvar 144 Vatn, avløp og oppmåling (sjølkostområder)

Funksjon 3002 Oppmåling.

100 % stilling knytt til oppmåling og inntekter frå gebyr er ført på denne funksjonen.

Funksjon 3451 Leidningsnett vatn.

Det er lagt inn 1,6 mill. kr. årleg til større vedlikehald og bruk av opparbeidd sjølvkostfond med kr. 200.000 i 2019. Dette må m.a. sjåast i samanheng med tiltak for å redusere innlekkning på avlaupsnettet, og dette vil gje kostnader på utskifting av ledningsnettet for vatn. Det er ei auke på 1,5 % i prisen for abonnement- og forbruk av vatn frå 2018 til 2019, jf. KS-sak 117/18.

Funksjon 3501 Renseanlegg, 3502 Slambehandling og 3531 Kloakknett.

Tilskott til Frya Renseanlegg er budsjettert med 1,521 mill. kr. i 2019 (2,461 mill. kr. i 2018). Dette er i tråd med vedtak i representantskap for dei interkommunale selskapa 24.10.2018.

Reduksjonen i tilskot heng saman med at avtale om at Nord-Fron skal rense avløp sjølv under byggeprosessen (byggetrinn 3) på Frya Renseanlegg. Det gir ei anna kostnadsfordeling enn «normalår», og gir tilsvarande auka kostnader ved Vinstra renseanlegg som det reduksjonen er i tilskot til Frya RA.

I samband med innlekkingsproblematikk og andre større vedlikehaldsoppgåver er det lagt inn totalt 5,4 mill. kr. til dette i 2019. Vedlikehaldskostnader knytt til innlekkning er finansiert gjennom bruk av sjølvkostfond på kloakk/avløp. Det er også ført opp investeringeskostnader knytt til reduksjon av innlekkning, sjå kap. 3.

Årsavgift på kloakk er uendra frå 2018 til 2019, jf. KS-sak 117/18.

Funksjon 3541 Septik

Kommunens eigne kostnader til saksbehandling og oppfølging av septikarbeid har gått ned som følgje av ny kontrakt om septiktømming. I tillegg blir det ikkje lengre levert slam til

kommunen sitt renseanlegg. Avgifta har vore sett ned dei to siste åra – og den blir sett ytterlegare ned med 15 % frå 2018 til 2019, jf. KS-sak 117/18. Det er lagt til grunn at det i planperioden årleg skal brukast kr. 200.000 av opparbeidd sjølvkostfond knytt til septik.

Avgiftssatsar:

Det vart i KS-sak 117/18 vedteke følgjande endring i avgiftssatsar for kommunaltekniske tenester:

Abonnement- og forbruksavgift på **kloakk** er uendra frå 2018.

Abonnement- og forbruksavgift på **vatn** er auka med 1,5 % frå 2018.

Septikavgifta er redusert med 15 % frå 2018.

Renovasjonsavgifta og **feieavgifta** er uendra frå 2018. Dette er i tråd med vedtak i representantskap for dei interkommunale selskapa 24.10.2018.

Dekningsgrader:

I budsjettet for 2019 er det lagt til grunn slike dekningsgrader for dei kommunaltekniske tenestene:

	Septik	Vatn	Avløp	Oppmåling	Byggesak
Brukerbetaling/ salgsinntekt	-1 034	-8 408	-13 525	-1 176	-1 337
Direkte kostnader	1 111	6 567	14 215	1 206	1 284
Indirekte kostnader	123	521	650		800
Netto kapitalkostnader	-	1 520	2 460		150
Sum kostnader	1 234	8 608	17 325	1 206	2 234
Resultat (inntekt minus kostnad)	200	200	3 800	30	897
Budsjettet dekningsgrad	-83,8 %	-97,7 %	-78,1 %	-97,5 %	-59,8 %
Avsetning fond					
Bruk fond	-200	-200	-3 800		
Resultat etter bruk/avsetning	-	-	-	30	897

Feiing og renovasjon blir rekneskapsført hos MGB og MGR, som utarbeidar dekningsgrad.

Når det gjeld dekningsgradar/sjølvkostbereking, er det først ved rekneskapsavslutning ein vil få dei rette tala for dekningsgrad på dei forskjellige tenestene.

Delansvar 145 Interkommunale selskap

Funksjon 3551 Renovasjon.

Etter endring av vedtekter for Midt-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (MGR), vedteke i KS-sak 66/14, skal inntekt frå årsgebyr overførast direkte til MGR. Nord-Fron subsidierte fram t.o.m. 2016 avgifta gjennom bruk av opparbeidd sjølvkostfond. Avgifta har frå 2017 ikkje vore subsidiert. Det vart i representantskapet for dei interkommunale ordningane 24.10.2018 vedteke uendra avfallsgebyr frå 2018 til 2019.

Berekna overført avfallsgebyr for Nord-Fron i 2019 er 5,839 mill. kr., jf. vedtak i representantskapet.

